



Øystre Slidre kommune



Årsrapport 2022

Årsmelding Årsregnskap

https://pub.framsikt.net/2022/oystre-slidre/mr-202212-årsrapport_2022/

Vedteke av kommunestyret 15. juni i sak 39/23
Framlagt av kommunedirektøren 24. april /14.juni 2023

Innhald

Sammendrag	4
10 på topp	5
Samfunns- og befolkningsutvikling	9
Sentrale kapittel - Økonomisk utvikling og stilling	10
Økonomirapportering drift	10
KOSTRA hovudtall.....	10
Generelt om kostra-tala i årsrapporten	10
Totaloversikt økonomi	11
Totaloversikt - oversikt per område.....	12
Fri egenkapital drift	18
Premieavviket.....	19
Finans-, gjelds- og kraftforvaltning.....	20
Finansplasseringar	20
Lånegjeld	20
Kraftforvaltning	23
Investeringer	27
Investeringsregnskapet - kommentarar	27
Personal og organisasjon.....	30
Rekruttering	30
Likestilling.....	31
Arbeidstid/deltid	33
Sjukefråvær	34
Uføredel.....	36
Etisk standard	36
Miljø.....	37
Internkontroll	37
Kommunedirektøren sin internkontroll	37
Kommunen sine tenestoområde.....	39
Kommunedirektør - fellesområde.....	39
Opplæring og kultur	42
Helse og omsorg	50
Tekniske tenester	57

Årsrekneskap	65
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd.....	65
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd.....	66
Økonomisk oversikt drift etter § 5-6.....	67
§5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar - drift.....	68
§5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar - investering.....	68
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd.....	69
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd.....	70
Balanse per 31.12.....	71
Notar til regnskapet	73
Vedlegg.....	83
Næringsmessig bruk av eigedomsskatt.....	83
Tilstandsrapport skule.....	84
Øystre Slidre Frivilligsentral - Årsrapport.....	84
Interkommunale tenester - årsrapportar.....	84

Sammendrag

Forord

Årsmeldinga for 2022 viser om vi har brukt meir eller mindre pengar på dei ulike tenesteområda enn det kommunestyret har løyvd i budsjettet. Årsmeldinga viser også om måla som kommunestyret har gitt er nådd eller ikkje nådd, og forklarar vesentlege avvik.

Rekneskapen viser gode tal for 2022, med eit netto driftsresultat på 4,2% av driftsinntektene. Dette er eit godt resultat, som i hovudsak skuldast ekstra høge inntekter i 2022:

- Skatteinntektene vart 8,5 mill. over budsjett.
- Kraftforvaltning gav 16,8 mill. høgare nettoinntekt enn budsjettet. Spotprisane på kraft nådde rekordhøgder i 2022, og endring i kraftforvaltnings-strategi som kommunestyret vedtok i juni slo svært positivt ut.
- Netto rente vart 3,1 mill. betre enn budsjettet. Vi utsette å ta opp lån, og hadde meir inneståande på konto gjennom året, noko som gav auka renteinntekter.

Drifta av dei kommunale og interkommunale tenestene viser meirforbruk samla på vel 10 mill. Vi hadde meirutgifter til straum i kommunale bygg (ca. 5 mill.), meirutgifter i dei interkommunale tenestene for barnevern (5 mill.) og legevakt (1,6 mill.) og noko høgare utgifter enn budsjettet i nokre av dei tenestene kommunen yter sjølv. I tillegg er det nokon meirinntekter/ mindreutgifter i nokon av tenestene.

Internasjonale hendingar har i 2022 prega arbeidet til kommunen. Krigen i Ukraina har gitt ei flykningekrise som ikkje er handterbar utan at kommunane bidreg. Vi har busett 65 flyktningar i 2022. Krigen har også gitt sterkt aukande energiprisar og større uvisse i økonomien. Vi har avslutta dei særlege pandemiltaka, men skal no handtere langtidsverknadene av pandemien. Eg meiner at kommunen har klart å kome gjennom desse krisene på ein god måte, først og fremst takka vera gode medarbeidarar som har stilt opp. I 2022 har den daglege ytinga av tenester til innbyggjarane hatt første prioritet, men vi har også utvikla tenestene og kommunen vidare og i stor grad nådd dei måla kommunestyret har gitt oss. Eg vil takke alle tilsette i kommunen for den gode innsatsen som er gjort i 2022.

19. april 2023

Jostein Aanestad

kommunedirektør

10 på topp

Status for dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i økonomiplanperioden er følgjande:

Økonomiplanen utgjer handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel. Dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i planperioden er følgjande:

- Vi skal styrke helse- og omsorgstenestene ved å vera ein attraktiv arbeidsplass, med eit godt arbeidsmiljø, auka arbeidsnærvær og store nok stillingsprosentar og vi skal utnytte moglegheitene nytt helsetun gir.

I 2022 var det fortsatt krevjande å dekke all fagkompetanse, sjølv om helsetunet har nådd målet med relevant fagkompetanse i heilskap. Det er sjukepleiarar og vernepleiarar som er vanskeligast å tilsette, hovudsakeleg på Brennabakken og på helsetunet. Det er teke ei kartlegging for å undersøkje om nokon ynskjer større stillingar, og det er arbeid for å få lyst ut store nok stillingar for at dei skal vera attraktive.

Dei ansatte si oppfatning av arbeidsmiljøet er kartlagt i ei HMS-undersøking og det blir arbeid med tiltak på kvart tenesteområde og i kvar avdeling.

Det er sett i gang eit planleggingsarbeid for å nytte samarbeid mellom helse og omsorgstenestene og kvarandre sin kompetanse på ein god måte. Ein del av dette arbeidet er å sjå på moglegheitene eit helsehus vil gje, der ein samlar helsetenestene, og kan samhandle om oppgåver som skal gjerast.

I 2022 vart det sett i gang mange aktivitetar på helsetunet, og dette er gledeleg etter tida med koronarestriksjonar.

- Vi skal vedta ny oppvekstplan, og gjennom planarbeidet styrka det tverrfaglege arbeidet retta mot sårbare barn og deira familiar.

Oppvekstplanen med ein handlingsdel vart vedteken i kommunestyret, K-sak 53/22. Planen tek for seg dagens situasjon, kva vi ynskjer å oppnå for å gje barn og unge ein god oppvekst i Øystre Slidre og kva tiltak vi treng for å oppnå det. For å få kjennskap til dagens situasjon har vi nytta undersøkingar, kartleggingar og hatt brukarundersøking ute både hjå barn/ungdom og hjå foreldre. Planen ivaretek lovkravet om ein plan for forebyggjande arbeid §3-1 barnevernlova.

I Valdres samarbeider kommunane og Høgskulen Innlandet om Oppvekstløftet, for m.a. å følgje opp barnevernsreforma. Regionalt er det ei satsing på Innstasteama og lokalt arbeider vi i tillegg med samhandlingsstrukturar på tvers av tenestene. Tenesteleiarar og avdelingsleiarar som arbeider med barn og unge i kommunen er med i dette arbeidet.

- Vi skal busette inntil 20 flyktningar i 2022 og sikre at alle busette flyktningar er i jobb eller utdanning når dei er ferdig med introprogrammet.

Målet har endra seg frå 20 til 65 flyktningar på grunn av flyktningkrisa. Vi busette 66 flyktningar i 2022. Vi har nytta alle bustadene i Moavegen til busettinga. I tillegg har vi leigd fleire bustader frå private, med framleige til dei busette flyktningane.

Alle busette vaksne er i gang med introduksjonsprogrammet. Fleire av dei som kom først frå Ukraina er ved utgangen av 2022 klar for å gå ut i arbeid eller i vidare utdanning.

- Vi skal revidere arealdelen av kommuneplanen med bakgrunn i arealstrategien i kommuneplanen med sikte på vedtak av planen våren 2023.

Arbeidet med ny arealdel av kommuneplan er kome godt i gang. Vi har motteke over 100 innspel til planen, og dei har fått ei førebels administrativ vurdering. Denne vurderinga er også langt fram for formannskapet til orientering. Vi har laga fem drøftingsnotat til formannskapet; eit om bustadareal, eit om næringsareal, eit om fritidsbustader, eit om sentrumsutvikling og eit om renovasjon. Formannskapet har drøfta handsama desse notata og gjev nye arbeidsoppdrag til administrasjonen. Notata er også drøfta i kommunestyret. Vi har arbeidd med nytt plankart og nye planføresegner for heile kommunen, med planomtale, konsekvensutgreiing og ROS-analyse for planen. I tillegg førebur vi saker for formannskapet for handsaming av alle innkomne høyringsinnspel. Vi har laga eit notat om habilitet i KPA-prosessen, som er handsama i formannskapet og i kommunestyret. Saker der einskilde formannschaftsmedlemmer er inhabile vil bli fremma som eigne saker, medan dei andre innspela vil bli handsama i ei felles sak, der formannskapet til stilling til om forslaget skal leggast inn i planen eller ikkje. Arbeidet er svært omfattande. Grunna endringar i administrativ kapasitet knytt til planarbeidet, vil arbeidet med planframlegget bli noko utsette tidsliner for arbeidet og korleis vi skal sikre tilstrekkeleg kapasitet for det vidare arbeidet.

- Vi skal bygge ut veg, vatn og avløpsanlegg for Heranglie bustadfelt og avklare modellar for samarbeid med næringslivet om utbygging av leilegheitsområda på feltet slik at fleire kan kome inn på bustadmarknaden

Anlegg for veg, vatn og avløp er prosjektert, lagd ut på i marknaden og det er inngått kontrakt med entreprenør. Kontraktssummen er på kr. 29,6 mill., og samla kostnadsestimat for utbygginga er kr 36,9 mill. Arbeidet er starta opp både frå Tingvangsida og frå Robølsvegen. Arbeidet skal etter planen vera ferdig til oktober 2023.

Kommunestyret gjorde m.a. følgjande vedtak i k-sak 56/22:

- Prisen på einebustadtomter i Heranglie bustadområdet vert sett til kr. 485 000 pr. tomt. Rådmannen får fullmakt til å leggje tomtene ut for sal og gjennomføre sal av bustadtomtene.
- Rådmannen får fullmakt til å invitere og inngå avtale med utbyggjarar om utbygging av områda sett av til småhus/leilegheiter. Dersom avtalane inneheld utbygging av kommunale bustader som krev budsjetttramme, vert ikkje avtale inngått før kommunestyret har teke stilling til om kommunen skal setje av midlar til dette føremålet.
- Vi skal i lag med nasjonale styresmakter og andre samarbeidspartar etablere senter for fjell-landbruk på Løken gard.

Kommunen deltek i styringsgruppa for etablering av senter for fjell-landbruk. Styringsgruppa har levert sine tilrådingar til kommunen og til Landbruks- og matdepartementet (LMD), Stortingskomiteen m.fl.

Styringsgruppa har i innspel til statsbudsjettet bedt om ei årleg løyving til senteret på 4 mill., noko regjeringa har fremma forslag om i Stasbudsjettet. Regjeringa fekk også ved handsaming av statsbudsjettet fullmakt til vederlagsfri overføring av Løken gard til Øystre Slidre kommune. Det vart i november 2022 inngått ein intensjonsavtale mellom LMD og kommunen om overtaking av garden. Det heiter m.a. i avtalen av : «*Overføring av eierskapet og tilskuddet henger tett sammen, og utbetaling av tilskuddet til et nasjonalt senter plassert på Løken, fordrer at eiendommen også overføres. Eiendommen og tilskudd på fire millioner kroner fra LMD skal bidra til etablering av et nasjonalt senter for fjellandbruket på Løken gård. Siden overføring av eierskapet for Løken gård og tilskuddet henger tett sammen, skal en tilstrekkelig del av tilskuddet til fjellandbrukssenteret bli benyttet til leie av areal og bygninger på Løken gård.*»

- Vi skal gjennom prosjektet Klima+ legge til rette utbygging av fritidsbustader som i utbygging og drift har positiv klima-verknad og effektiv arealbruk.

Grunn redusert bemanning har det i delar av 2022 våre avgrensa aktivitet i prosjektet. Frå august har prosjektet normal bemanning. Vi har arbeidet med å få Klima+perspektivet inn i arealdelen av kommuneplanen, med redusert arealforbruk og ramer for utbygging av fritidsbustader som gjev lågare utslepp av klimagassar. Det er inngått intensjonsavtale med Ryfoss Betong som vil tilby lågkarbonbetong. Betong er ein av dei store utsleppskjedene av klimagassar frå byggebransjen, og Ryfoss Betong vil vurdere utvikling av anlegget sitt for å redusere klimagassutsleppa frå betong. Vidare er det inngått intensjonsavtale med utbyggerar av Skjenhaugslie-området på Beitostølen med føremål å planlegge og bygge ut dette området på ein klimavenleg måte. Vi har vidare delteke i gjennomføring av bylivskonferansen på Beitostølen som gjekk av staben 24. og 25. oktober. Konferansen hadde brei deltaking, og temaet for konferansen var fjellområda og fritidsutbygging. Vi har delteke i KS si ressursgruppa om korleis vi kan møte natur- og klimakrisa innanfor ramma av lokaldemokratiet og i fylkeskommunen si satsing på klimavenleg stadutvikling i hyttekommunar.

- Vi skal invitere til Rein naturglede og innan 2035 doble tal gjestedøgn i kommunen gjennom å:
 - vera det best tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå
 - sikre finansiering av fellesgode som stiar og løyper mv. gjennom å etablere og følge opp selskapet Beitostølen Fellesgoder as.

Vi deltek i forskingsprogrammet Accesstour i lag med Beitostølen helsesportsenter, Beitostølen Utvikling SA, Beito Husky, Myhre Gard og Trollrock. Føremålet er å auka kunnskapen om og strategiar for betre tilrettelegging av reisemåla for alle, uavhengig av funksjons-nivå. 2. samlinga i programmet var i Lofoten i september, der vi m.a. fekk sett korleis reiselivsverksemder tilpassar reisemålet for alle. Det er gjennomført ei spørreundersøking blant personar med nedsett funksjonsnivå for å kartlegge deira preferansar for reisemål. Resultata frå undersøkinga vil bli presentert som del av rapporteringa frå forskingsprogrammet. Utvikling av friområdet på Furustrand og etablering av trillesti til Rjupetjern er konkrete tiltak for betre tilgjenge for alle til nye reisemål. Vidare deltek vi i eit samarbeid med VNK om kartlegging av tilretteleggingsnivået for bygningar, reisemål og friluftsområde i kommunen, og vil legge resultatet av denne kartlegginga inn i Norgeskartet til Statens kartverk. Vi vil ved revisjon av KPA lage føresegner som bidreg til betre tilgjenge for alle.

Beitostølen Fellesgoder as er etablert og vi har i samråd med selskapet drøfta problemstillingar som skal sikre god utnytting av tilgjengelege midlar til fellesgode. Kommunale planar som sti- og løypeplan, beitebruksplan og KPA vil setje viktige rammer for selskapet sin aktivitet.

- Vi skal innan sommaren 2024 i samarbeid med andre etablere Fly'a folkehøgskole – ein folkehøgskule for alle - på Heggenes, med idrett, paraidrett og Esport som hovudlinjer.

Vi har gitt melding til Kunnskaps-departementet og Utdanningsdirektoratet at kommunen i 2022 vil prioritere å nytte lokala tiltenkt Fly'a folkehøgskole til busetting av flyktningar og flyktningmottak og at kommunen ikkje i 2022 vil søkje om støtte til etablering av folkehøgskulen. Vi vil kome tilbake med søknad om Fly'a folkehøgskole når vi kjenner omfanget av og tids-lengda til flyktningkrisa og etter at NOUen om folkehøgskular er lagd fram. NOUen vart lagd fram 31.10. 2022, og lagd ut på høyring med høyringsfrist våren 2023.

- Vi skal i lag med idrettslaget og reiselivsnæringa utvikle Beitostølen stadion med sikte på å auke bruken av området gjennom heile året.

Vi har prosjektert utbygging av veg og gangveg frå rv 51 til stadion, og å legge betre til rette for auka bruk av området. Denne utbygging vil etter planen bli gjennomført i 2023/2024. Vi vil følgje opp dei planane som er laga for utvida bruk av stadion i lag med idrettslaget og stadionselskapet. Stadionselskapet har vidare teke eit initiativ for å drøfte eigarskapsstrukturen for selskapa knytt til Beitostølen stadion. Dette vil ev. for kommunen sin del bli følgd opp i eigarskapsmeldinga.

Samfunns- og befolkningsutvikling

Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2022

	2019	2020	2021	2022
Folketal ved inngangen av kvartalet	3 208	3 229	3 236	3 252
Fødde	34	32	25	25
Døde	30	34	29	34
Fødselsoverskot	4	-2	-4	-9
Innvandring	32	31	41	49
Utvandring	17	35	17	15
Innflytting, innanlands	111	130	136	160
Utflytting, innanlands	109	126	141	147
Netto innvandring og flytting	17	0	19	47
Folkevekst	21	-4	16	39
Folketalet ved utgangen av kvartalet	3 229	3 225	3 252	3 291

Utviklinga i lokalsamfunnet

Samfunnsdelen av kommuneplanen (2020-2032) set opp følgjande hovudmål for lokalsamfunnsutviklinga:

1. Innbyggartalet skal haldast på dagens nivå og minst auke med 1% i året i gjennomsnitt.
2. Tal deltidsinnbyggjarar skal auke med minst 1 % i året.
3. Tal gjestedøgn skal doblast innan 2035.

I 2022 hadde vil følgjande måloppnåing for desse overordna måla:

Tema	Mål og måleparameter	Resultat
Tal innbyggjarar	Minst 1%, dvs minst 32 ny innbyggjarar	39
Tal deltidsinnbyggjarar	Minst 1%, dvs minst 46 ny hytter/fritidsleilegheiter	47
Tal gjestedøgn	20 000 nye gjestedøgn i året	28000

Alle måla er nådd i 2022.

I 2022 auka tal innbyggjarar med 39. Det er over målsettinga om 32 nye innbyggjarar. Fødselsoverskotet er negativ. Hovedgrunnen til auken er at kommunen har busett fleire flyktningar siste året. Vi har også netto innflytting innanlands.

Sentrale kapittel - Økonomisk utvikling og stilling

I dette kapitlet gjer vi greie for forhold som er viktige for å vurdere den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den i vare tek den økonomiske handleevna over tid (jf. krav i kommunelova § 14-7, 2.ledd a). Vi omtaler driftsresultatet, investeringsregnskapet, fri egenkapital, finans-, gjelds- og kraftforvaltninga mv., sjå egne kapittel nedanfor.

Økonomirapportering drift

KOSTRA hovudtall

	Øystre Slidre 2021	Øystre Slidre 2022	Kostragruppe 04	Landet uten Oslo
Økonomi				
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	35,1 %	26,7 %	19,7 %	21,7 %
Avdrag (netto) Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	4,9 %	4,3 %	3,5 %	4,1 %
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger *)	131 206	138 195	117 065	101 113
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3,6 %	2,5 %	1,1 %	2,1 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger *)	126 525	134 759	115 727	98 983
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	25,0 %	14,2 %	11,3 %	14,0 %
Fri egenkapital drift Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	13,5 %	16,5 %	12,3 %	14,4 %
Frie inntekter i kroner per innbygger *) **)	66 406	65 019	65 518	66 167
Langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforpliktelser Beløp per innbygger (kr)	157 012	150 590	113 638	115 476
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	126,0 %	109,0 %	97,1 %	114,2 %
Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	6,7 %	4,3 %	2,1 %	2,6 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger (B) *)	130 999	130 012	98 144	93 929
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (B)	99,8 %	94,1 %	83,8 %	93,1 %
Netto renteesponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	21,7 %	20,6 %	39,2 %	46,7 %

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Generelt om kostra-tala i årsrapporten

Kostra-tala i rapporten er henta frå SSB si publisering per 15.mars.

Ein del av tala er for "kommune-konsern" (inkl.del av internkommunale samarbeid og IKS), og dei kan difor avvike litt frå utrekna indikatorar for kommunen utan "konsern".

Kostra-tala som er teke med i årsrapporten er justert med utgiftsbehov og deflator. Det betyr at tala blir meir samanliknbare for kommunen over år, då alle tal blir justert til 2022-tal. Utgiftsbehovet seier noko om kor mykje ei kommune, eller ei teneste i ei kommune, kostar å drive, samanlikna med andre kommunar. Ei kommune med høgt barnetal, vil naturleg nok ha større utgifter til barnehagar og skuler enn gjennomsnittet. Dei vil difor få eit større utgiftsbehov til desse tenestene enn ei kommune med lågt

barnetal. Det er denne korrigeringa staten bruker for å rekne ut rammetilskotet. Det er også denne korrigeringa analysen bruker for å samanlikne faktisk bruk mellom kommunane. På denne måten kan vi samanlikne kommunar sjølv om dei ikkje er like i høve demografi mv.

Kommunane kan korrigere kostra-rapporteringa gjennom våren, slik at kostra-tala som er med per 15.mars ikkje nødvendigvis er endelege / korrekte.

Kostra-tala er kommentert nedanfor under kapitla "Vurdering av driftsresultatet for kommunen", "Disposisjonsfond" og "Finans-, gjelds- og kraftforvaltning".

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Regnskap ifjor	Opph. bud.	Rev.bud.	Rekneskap	Avvik i kr
Sum generelle driftsinntekter	-260 638	-253 555	-253 555	-264 818	11 263
Avskrivninger	26 467	22 800	22 800	27 482	-4 682
Motpost avskrivninger	-26 467	-22 800	-22 800	-27 482	4 682
Netto finansutgifter	15 011	22 671	22 671	20 114	2 557
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	13 304	2 358	-7 549	13 002	-20 551
Til disposisjon	-232 324	-228 526	-238 433	-231 702	-6 732
Politisk leiing og kontrollorgan	2 433	2 883	2 893	2 846	47
Kommunedirektør felles	1 955	3 706	2 233	1 691	541
Stab	15 898	17 124	15 848	15 834	13
Felles opplæring og kultur	5 319	5 742	7 863	7 575	289
ØSUS	12 058	13 258	12 249	10 930	1 318
Rogne skule	13 969	14 636	13 856	15 280	-1 425
Lidar skule	13 315	13 747	12 634	13 013	-379
IIB Tingvang barnehage	-3	0	0	0	0
Rogne barnehage	10 244	9 805	10 575	11 085	-511
Beito barnehage	5 294	5 369	5 736	5 959	-222
Private barnehager	4 757	5 046	5 046	5 436	-391
Kulturavdelinga	9 115	8 947	9 124	9 397	-273
Flyktningetenesta	4 416	-130	134	-676	810
Felles helse og omsorg	30 417	20 890	20 723	23 429	-2 706
Helse og tilrettelagde tenester	10 555	9 846	26 990	28 399	-1 409
Førebygging og meistring	28 376	31 082	32 477	32 520	-43
Institusjonstenester	29 683	31 455	32 364	32 699	-335
IIB Tilrettelagte tenester	16 482	15 637	15	195	-180
Felles tekniske tenester	11	510	510	497	13
Teknisk drift	29 895	20 521	32 941	39 320	-6 379
Næring plan og byggesak	10 847	10 019	11 564	9 997	1 567
Kraftforvaltning	-12 027	-8 451	-8 451	-25 238	16 788
Ramme og skatt	0	0	0	4	-4
Renter og avdrag	-4	0	0	1	-1
Pensjon mv. felles	-10 681	-3 116	-8 891	-8 494	-397
Sum disponering	232 324	228 526	238 433	231 702	6 732
Merforbruk +/mindreforbruk -	0	0	0	0	0

Totaloversikt - oversikt per område

Årsregnskap ØSK	Rekneskap 2022	Rev. budsjett 2022	Opph. budsjett 2022	Rekneskap 2021	Budsj avvik	Endr 21-22
Tenesteområde:						
Politisk leing og kontrollorgan	2 845 628	2 893 067	2 883 327	2 433 015	-47 439	412 612
Rådmannen felles	1 691 258	2 232 527	3 706 160	1 954 574	-541 269	-263 316
Ramme og skatt	3 887	0	0	290	3 887	3 597
Renter og avdrag	840	0	0	-4 274	840	5 114
Interne finanstransaksjoner (pensjon)	-8 493 733	-8 890 730	-3 116 000	-10 680 998	396 997	2 187 266
Stab	15 834 400	15 847 814	17 123 500	15 898 418	-13 414	-64 018
Felles opplæring og kultur	7 574 719	7 863 488	5 741 965	5 318 928	-288 769	2 255 791
ØSUS	10 930 484	12 248 651	13 257 889	12 054 592	-1 318 167	-1 124 108
Rogne skule	15 280 047	13 855 522	14 635 695	13 968 896	1 424 525	1 311 151
Lidar skule	13 013 226	12 634 143	13 747 180	13 314 935	379 083	-301 708
Rogne barnehage	11 085 489	10 574 645	9 805 377	10 244 033	510 844	841 457
Beito barnehage	5 958 609	5 736 253	5 368 753	5 293 533	222 356	665 076
Private barnehager	5 436 369	5 045 836	5 045 836	4 757 155	390 533	679 214
Kulturavdelinga	9 396 936	9 123 985	8 947 473	9 114 863	272 951	282 073
Flyktningetenesta	-675 940	133 941	-130 000	4 415 675	-809 881	-5 091 615
Felles helse og omsorg	23 429 210	20 723 156	20 889 652	30 417 357	2 706 054	-6 988 147
Helse og tilrettelagde tenester	28 594 473	27 005 683	25 483 462	27 036 777	1 588 790	1 557 696
Førebygging og meistring	32 520 448	32 477 299	31 081 997	28 376 116	43 149	4 144 332
Institusjonstenester	32 698 940	32 364 315	31 454 737	29 682 838	334 625	3 016 102
Felles tekniske tenester	497 493	510 000	510 000	11 146	-12 507	486 347
Teknisk drift	39 319 997	32 940 563	20 520 719	29 895 353	6 379 434	9 424 645
Næring plan og byggesak	9 997 185	11 563 851	10 019 267	10 847 305	-1 566 666	-850 120
Løyvingar drift, netto (ex.kraft)	256 939 966	246 884 009	236 976 989	244 350 523	10 055 957	12 589 442
Kraftforvaltning	-25 238 298	-8 450 779	-8 450 779	-12 026 810	-16 787 519	-13 211 488
Sum løyvingar drift, netto	231 701 668	238 433 230	228 526 210	232 323 714	-6 731 562	-622 046
Av dette: (i intern finansiering nedanfor under fellesområder)						
Netto renteutgifter og -inntekter	-96 597	-160 000	-160 000	-109 444	63 403	12 847
Avsetninger til bundne driftsfond	3 145 522	346 400	145 400	9 467 578	2 799 122	-6 322 056
Bruk av bundne driftsfond	-783 200	7 966 000	-1 700 000	1 824 052	-8 749 200	-2 607 252
Avsetninger til disposisjonsfond	2 750 580	2 750 580	1 025 740	0	0	2 750 580
Korrigert sum løyvingar drift, netto	226 685 363	227 530 250	229 215 070	221 141 528	-844 887	5 543 835

Øystre Slidre kommune - Årsrapport 2022

Årsregnskap ØSK	Rekneskap 2022	Rev. budsjett 2022	Opph. budsjett 2022	Rekneskap 2021	Budsj avvik	Endr 21-22
Fellesområder:						
Rammetilskot	-113 899 652	-110 933 000	-110 933 000	-112 134 787	-2 966 652	-1 764 865
Inntekt- og formuesskatt	-118 727 734	-110 221 000	-110 221 000	-110 368 750	-8 506 734	-8 358 984
Eigedomsskatt	-24 114 137	-24 442 000	-24 442 000	-24 006 595	327 863	-107 542
Andre generelle driftsinntekter	-8 076 401	-7 959 000	-7 959 000	-14 128 216	-117 401	6 051 815
Sum generelle driftsinntekter	-264 817 924	-253 555 000	-253 555 000	-260 638 348	-11 262 924	-4 179 575
Renteinntekter	-5 701 088	-1 414 000	-1 414 000	-3 049 073	-4 287 088	-2 652 015
Utbytte	-2 853 331	-3 525 000	-3 525 000	-3 030 893	671 669	177 562
Renteutgifter	10 271 431	9 150 000	9 150 000	3 044 822	1 121 431	7 226 609
Avdrag på lån	18 300 564	18 300 000	18 300 000	17 936 362	564	364 202
Netto finansutgifter	20 017 577	22 511 000	22 511 000	14 901 218	-2 493 423	5 116 359
Avskrivningar	27 482 298	22 800 000	22 800 000	26 467 053	4 682 298	1 015 245
Motpost avskrivningar	-27 482 298	-22 800 000	-22 800 000	-26 467 053	-4 682 298	-1 015 245
Netto driftsresultat	-18 114 984	-3 513 750	-1 828 930	-24 595 603	-14 601 234	6 480 619
<i>I % av brutto driftsinntekter</i>	<i>-4,2 %</i>	<i>-1,0 %</i>	<i>-0,5 %</i>	<i>-6,7 %</i>		
Intern finansiering						
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	6 600 000	6 600 000	7 950 000	26 750 000	0	-20 150 000
Avsettingar til bundne driftsfond	7 618 361	5 393 400	5 192 400	13 877 492	2 224 961	-6 259 131
Bruk av bundne driftsfond	-16 506 327	-6 401 000	-6 200 000	-15 939 805	-10 105 327	-566 522
Korrigert netto driftsresultat	-20 402 950	2 078 650	5 113 470	92 085	-22 481 600	-20 495 035
Avsettingar til disposisjonsfond	20 402 951	20 013 580	13 106 740	20 849 000	389 371	-446 049
Bruk av disposisjonsfond	0	-22 092 210	-18 220 210	-20 941 085	22 092 210	20 941 085
Bruk (-)/avsetn. frie fond	20 402 951	-2 078 630	-5 113 470	-92 085	22 481 581	20 495 036
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	18 114 984	3 513 770	1 828 930	24 595 603	14 601 214	-6 480 619

Vurdering av driftsresultatet og budsjettavvik på overordna nivå

Nedanfor følger ei analyse av driftsresultatet sine viktigaste postar på overordna nivå, herunder vesentlege budsjettavvik (jf. koml. § 14-7, 2 b), og vurdering av Kostra-nøkkeltal.

Driftsinntekter:

Brutto driftsinntekter:

Brutto driftsinntekter var 435.505` i 2022, vesentleg høgare enn budsjett og året før (+66.399`/, +48.150`). I hovudsak på:

- Generelle inntekter frå staten vart rekordhøge (+11.263`). (Sjå omtale nedanfor under Generelle driftsinntekter).
- Integreringstilskot frå staten vart høgare som følgje av ekstra busetjing av flyktningar (+7.044`). (Flyktningeinntekter er plassert og omtala under teneste Opplæring og kultur - flyktningtenesta.)
- Kraftsalet vart vesentleg høgare som følgje av auka kraftprisar (+32.448`/+22.209`). (Kraftforvaltninga er omtala under teneste Finans-, gjelds- og kraftforvaltning.)

Kostrat viser at Kommunen sine brutto driftsinntekter er høgare per innbyggjar enn kostragruppe 04 og landet utanom Oslo. Det har vore tilfellet også tidlegare år. Årsaka er i stor grad at det er mange hytteeigarar i kommunen som bidreg inn med eigeidomsatt og kommunale avgifter.

Vi ser av Kostrat at frie inntekter per innbyggjar ligg tett oppunder kostragruppe 04 og landet utanom Oslo.

Generelle driftsinntekter

Sum generelle driftsinntekter var 264.818` i 2022, vesentleg høgare (11.263`) enn budsjettet. Dette skuldast at skatteinntekter og overføringar frå staten vart langt høgare enn budsjettet.

- Spesielt var skatteinntektene igjen høge, 8.507` meir enn budsjett, og 8.359` meir enn fjorår. Skatteauken gjeld heile landet. KS har omtala to hovudårsaker til meirskatteveksten; den økonomiske aktiviteten som følgje av covid-pandemien vart mindre negativ enn frykta, og den auka skattøren «overkompenserte» for aktivitetsnedgangen. For det andre; den vedtekte auken i utbytteskatten frå 2022 medførte at mange tok ut utbytte i 2021. Dette har gitt skatteavrekning for 2021 og med det høgare skatteinnbetalingar i 2022. KS presiserer at dette ikkje er eit høgare nivå som blir vidareført frå 2022 til 2023.
- Rammetilskotet er 2.967` høgare enn budsjett. Det skuldast at vi har fått covid-kompensasjon frå staten. Samla ligg det ca. 5.500` i korona-kompensasjon i overføringane frå staten i 2022. Vi finn at tilsvarande ekstrautgifter i tenestene, i hovudsak i form av bemannings-kostnader og vaksineringskostnader under helse og omsorg. Etter dei siste innbetalingane frå staten i desember er oppsummeringa no at vi har fått fullt ut dekkja dei ekstrautgifter som er registrert som våre ekstra-utgifter grunna pandemien.

Driftsutgifter:

Løyvingar drift:

Sum løyvingar drift, netto:

Desse tala er *etter* bruk og avsetning til fond i tenestene. Dvs. etter at sjølvkostområda vatn, avløp, byggesak, oppmåling og private planer, samt flyktingeregnskapet, er finansiert i null mot bundne sjølvkostfond og disposisjonsfond for flyktingområdet. Det som står att i dette talet er budsjettavvik på «generaløkonomien» øvrig, som blir finansiert av frie inntekter/disposisjonsfond.

Sum løyvingar drift, netto, viser eit mindreforbruk samla på 7.270`, og består i hovudsak av:

- Kraftforvaltningsområdet gav 16.788` i meirinntekter.
- Meirforbruk i tenestene. Vi ser auka aktivitet og samla meirkostnad på 10.055`. Her ligg bl.a. auka stillingar gjennom 2022 innanfor tilrettelagte tenester, skule og barnehage, auka utgifter interkommunale samarbeid helse og omsorg, og auka straumkostnader kommunale bygg. Noko av meirforbruket er ekstrautgifter som følgje av covid, og som er kompensert under sentrale inntekter.

Vi viser til nærare omtala under tenestekområda.

Korrigerte sum løyvingar drift, netto:

Desse tala er *før* bruk og avsetning til fond i tenestene. Her har vi eit mindreforbruk på 1.351`, som består av:

- Kraftforvaltningsområdet gav 16.788` i meirinntekter.
- Meirforbruk i tenestene (inkl. sjølvkostområder og flyktingområdet), med 15.963`.

Brutto driftsutgifter:

Vi ser av Kostra at brutto driftsutgifter per innbyggjar auka i 2022 i forhold til 2021, og har auka også dei tre føregåande åra. Utgiftene er og vesentleg høgare enn kostragruppe 04 og landet utanom Oslo. Dei høgare utgiftene heng saman med at kommunen og har høgare brutto driftsinntekter enn snittet. Årsaka er i stor grad at det er mange hytteeigarar i kommunen, som både bidreg med inntekter, og som aukar utgiftene til tenesteproduksjon.

Brutto driftsresultat:

Dette talet er *før* bruk og avsetning til fond i tenestene og netto finans. Vi ser av Kostra at brutto driftsresultat vart lågare enn 2021, men betre enn snittet i kostragruppe 04 og landet utanom Oslo.

Netto finansutgifter:

Netto finansutgifter vart 2.493` lågare enn budsjettert.

- Det skuldast at vi fekk høgare renteinntekter enn budsjettert (4.287´). Rentenivået auka raskt i løpet av året ut over det som var venta. Investeringsutgiftene vart vesentleg lågare enn opprinneleg budsjettert, og den vesentlege delen kom på fyrst godt ut på hausten. Dette fordi fleire av dei store prosjekta vart planlagt og førebudd av eigne tilsette tidleg på året, før anbuda gjekk ut og arbeida kom i gang ut over hausten. I mellomtida stod ubrukte lånemiddel på bok.
- Også rentenivået på lånerentene våre auka mykje, men meirutgiftene vart «kun» 1.121´. Dette som følgje av at vi ikkje tok opp lån i 2022, men greidde oss med ubrukte lånemiddel frå året før, fordi investeringsnivået ikkje vart så høgt som budsjettert.
- Vi fekk 672´ mindre i utbytte enn budsjettert frå dei kraftselskapa som vi har aksjar i.

Avdragskostnaden er på budsjett. Kostra viser at kommunen har høgare avdragskostnad (4,3% av brutto driftsinntekter) enn kostragruppe 04 og landet utanom Oslo (som ligg på 3,5%-4,1%). Dette kjem som følgje av høgt investeringsnivå siste åra. Forholdstalet er redusert frå i fjor.


Netto driftsresultat:

Netto driftsresultat er kommunen sitt driftsresultat etter netto finans, men før avsetning og bruk av bundne og frie fond.

Netto driftsresultat for 2022 vart 18.115´. Det utgjer 4,2% av brutto driftsinntektene. Resultatet er svakare enn i fjor, men betre enn kostragruppe 04 og landet utanom Oslo, som ligg på 2,1-2,6%, og 14.601´ betre enn budsjettert.

Kommunen hadde i økonomiplanen for 2022 mål om at netto driftsresultat skal vera på minst 1,75% (tidlegare 3%) av brutto driftsinntekter. Kommunen sitt driftsresultat i 2022 låg godt over dette, og bidreg godt til å sikre den økonomiske handleevna til kommunen.

Netto driftsresultat har vore slik dei siste åra:



Disponering av netto driftsresultat

Disponering er gjort slik:

Netto bruk av bundne fond

Det er netto totalt brukt 8.888` av bundne fond i 2022, som fordeler seg på:

- Sjølvkostområder der kommunestyret har vedteke at tenesta skal vera fullfinansiert ved gebyr (vatn, avløp, bygge-/delesak og private planforslag, spreidd avløp og oppmåling). Meir-/mindreforbruk det enkelte år blir finansiert mot bundne sjølvkostfond. I 2022 er det ført bruk av sjølvkostfond med totalt 7.150`. Det er 5.400` meir bruk av fonda enn forutsett i budsjettet for 2022, som følge av meir utgifter og mindre inntekter enn budsjettert. Vi viser til oversikt under Tekniske tenester. Sjølvkostfonda er etter dette redusert til totalt 5.865`.
- Øyremerka prosjekt (sjølvfinansierte områder) utgjer resten, med totalt 1.738` i netto bruk av fond. Det består i hovudsak av at det er utbetalt korona-kompensasjon i 2022, der kommunen hadde fått øyremerka tilskot i 2021 som vart avsett til bunde fond. Øvrig bruk og avsetning av bundne fond går fram av note 11 til årsregnskapet. Bruk av bundne prosjektfond og tilhøyrande utgifter er i hovudsak ikkje budsjettert.

Avsetjing til investering

Det er avsett til investering 6.600`, i tråd med budsjett.

Netto avsetjing til disposisjonsfond


Det er netto totalt avsett 20.403` til disposisjons-fond i 2022. Det er er 22.481` meir enn revidert budsjett, og er resultat av meirinntekter/ mindreforbruk i "generaløkonomien"

Omtale av budsjettavvik under tenestene omfattar generelt generaløkonomien, og ikkje sjølvkost og andre sjølvfinansierte områder.

Fri egenkapital drift

Kommunens samla disposisjonsfond/ frie egenkapital drift jf. regnskapet auka i 2022 og var per 31.12.2022 på kr 71.224`. Summen av fri egenkapital drift utgjør 16,4% av brutto driftsinntekter.

I økonomiplanen for 2022 går det fram at kommunestyret har lagt vekt på å sikre ein god og føreseieleg økonomi som gjev handlingsrom for å utvikle kommunen, og at det difor er eit mål for kommunen at sum av disposisjonsfonda skal utgjera minst 12,5% av brutto driftsinntekter. Dette målet er nådd per 31.12.2022.



Fri egenkapital ovanfor består av kommunen sine egne fond (ikkje "konsern"); eiedomsskattefond til næring på 4.022`, flyktningefond på 5.251` og andre disposisjonsfond på 61.951` (hovudsakleg frå kraftinntekter). Tala kan avvike noko frå kostra nøkkeltala, som ikkje har med rekneskapsmessig mindreforbruk (tidlegare år), men har med konsern.

I følge Kostra ligg kommunen no høgare enn både snittet i kostragruppe 04 og landet utanom Oslo (12,3% og 14,4%).

Kommunen har eit tilfredsstillande godt nivå på rekneskapsført fri egenkapital drift per 31.12.2022.


Ikkje all fri egenkapital drift er likviditet. Ein stor del av kommunen sin frie egenkapital drift inneheld premieavvik, som er inntektsført og ført opp som ein fordring, utan at det følgjer pengar med. Inntektsføringa er i tråd med kommunelova sine reglar for rekneskapsføring av pensjon. Kort fortalt har kommunen kostnadsført mindre pensjon enn det vi har betalt i pensjon, og forskjellen er ført opp som fordring i balansen. Den *likvide* delen av disposisjonsfondet, etter fråtrekk for balanseført premieavvik (25.578` per 31.12.2022), er ca. kr 45.646`.

Premieavviket

Det akkumulerte premieavviket har vore på eit stabilt høgt nivå dei siste 7-8 åra, med ein reduksjon siste året på nær 2.000`kr. Det akkumulerte premieavviket (betalte, men ikkje rekneskapsførte kostnader) i er samla på 25.278`. Dette er i samsvar med prognosane for 2022.

Premieavviket er ein konsekvens av at reglane for kommunal rekneskapsføring seier at kommunen kan rekneskapsføre eit anna beløp (ein utrekna «netto pensjonskostnad») enn det som blir innbetalt. Intensjonen med ordninga er at kommunane i sine rekneskap skal kunne fordele rekneskapsføring av reelle pensjonsutgifter over tid, for på denne måten å vere mindre sårbare for konjunktursvingingar. Låg rente kombinert med relativt høge lønnsoppgjer og auka forventningar til levealder, har ført til at premieavviket over tid har vorte høgare enn det som var føresett då ordninga vart etablert. Difor er det gjort også gjort innstrammingar i ordninga.

Nedanfor ser vi utviklinga for største delen, som er i KLP.



Finans-, gjelds- og kraftforvaltning

Nedanfor følger rapportering for finans-, gjelds- og kraftforvaltning, i tråd med forskrift om finans- og gjeldsforvaltning § 8, og vurderingar mot grupper vi samanliknar oss med i kostra (jf. nøkkeltal vist i anna kapittel).

Finansplasseringar

Per 31.12.2022 har kommunen plassert midlar i:

Bankinnskot Kr 176.960` er plassert i Sparebank 1 Hallingdal og Valdres. Det er ikkje tidsbinding på bankinnskota. Kommunen har hatt rentesats tilsvarande nibor 3 mnd + 0,25% poeng. Det vurderer vi er ei tilfredsstillande rente, med tanke på at likviditeten er plassert med svært låg risiko. Kommunen vurderer løpande kvar midla skal plasserast, der føremålet er låg finansiell risiko og høg likviditet, jf. finans- og gjeldsreglementet pkt. 2.

Langsiktige strategiske plasseringar. Kommunen har langsiktige aksjar og andelar med bokført verdi kr 52.709`, der målsetjinga med plasseringa primært har vore strategisk eigarskap, og ikkje finansiell vinning. Vi syner til spesifikasjon i note 5 til rekneskapsåret. Kommunen har og langsiktige utlån til Valdres Energiverk AS på 20 000`. Det blir betalt renter av lånet i tråd med avtale frå 2022. Rentesats er basert på Norges Banks 10-års statsobligasjonsrente, med tillegg av rentebyteavtale mot 10-års Nibor og eit risikopåslag 3,4 %-poeng. Rente ut frå dette var i 2022 6,25%.


Det blir betalt utbytte frå Valdres Energi (1.274` i 2022 og 1.500` i 2021). Det blir og betalt utbytte frå Innlandet Energi Holding AS (1.480` i 2022, 1.411` i 2021). Det vart i 2020 fastsett minimumsutbytte som blir KPI-regulert, og det vart planlagt noko auke i utbytte framover. Bokført verdi på kommunen sin eigardel i Innlandet Energi Holding er 27.169`, jf. note 5, og utbyttet i 2022 utgjør 5,4% avkastning.

Lånegjeld

Kommunen har ved utgangen av 2022 ei lånegjeld på kr 455.175`. Låna består av ordinære gjeldsbrevlån i Kommunalbanken, KLP Kommunekreditt, KLP Banken og Husbanken. Vi viser til note 8 i regentskapet for 2022. Alle låna har flytande rente. Kommunen har ikkje sertifikatlån eller lån som forfell eller må refinansierast dei neste 12 månader.


Gjelda har gått ned i 2022 (med 13.375`). Det skuldast at investeringstempo ikkje har vore like høgt som plan og låneopptak tok høgde for, og difor har kommunen nytta ubrukte lånemiddel frå 2021, og ikkje teke opp nytt lån i 2022. Ubrukte lånemiddel gjekk ned frå 83.548` per 2021, til 45.678` per 2022.

Nedanfor ser vi utviklinga i sum lånegjeld i forhold til brutto driftsinntekter samla for for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda vatn og avløp).



I økonomiplanen for 2022 har kommunen fastsett langsiktige økonomiske handlingsreglar/mål, og at netto lånegjeld skal utgjera maksimalt 75% av brutto driftsinntekter, og netto lånegjeld for generaløkonomien (utanom sjølvkost) skal utgjera maksimalt 50% av brutto driftsinntekter.

Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (eksklusive pensjonsplikter) trekt frå totale utlån og unyttta lånemiddel. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlege lån (utlån av egne midlar). Nedanfor ser vi utviklinga i netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter samla og for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda), opp mot målsetjingane som vart sett i økonomiplanen for 2022-.



Vi ser at netto lånegjeld, på tross av nedgangen, ligg over handlingregelen (89,2% mot 75% av brutto driftsinntekter). Lånegjelda for sjølvkost per 2022 er 189.270`. Lånegjelda for generaløkonomien (utanom sjølvkost) er på 190.672`, og innanfor handlingsreglene (45,7% mot mål på 50%).

Av Kostra ser vi at Øystre Slidre kommune si lånegjeld per innbyggjar framleis ligg godt over snittet i kostragruppe 04 og landet utanom Oslo. Det viser nøkkeltala både for langsiktig gjeld og netto lånegjeld per innbyggjar og i prosent av brutto driftsinntekter, og avdrag på lån i prosent av brutto driftsinntekter. For eksempel er kommunen si netto lånegjeld per 31.12.2022 på 94,1% , medan kostragruppe 04 og landet utanom Oslo ligg på 83,8% og 93,1%.

Investeringsnivået har vore høgt siste åra (bygging av nye helsetunet, VA), men har gått noko ned i 2022. Vi ser av kostra at brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter gjekk ned frå 25% til 14,2%, og dermed er nær nivået i kostragruppe 04 og landet utanom Oslo (11,3%/14,0%).

Kommunen har auka avdragsplikter framover, og er også eksponert for renteauke, noko som kan gje større utfordringar med å balansere drifta i åra som kjem, jf. økonomiplan. Renteeksponeringa er gått ned att siste par åra. Netto renteeksponering gjev ein indikasjon på kor mykje av kommunen si renteeksponerte gjeld som er att etter at renteberande likviditet er trekt frå, inkl. gjeld til sjølvkostområda og gjeld med rentekompensasjon. Kostra viser at kommunen si netto renteeksponering i 2022 har gått ned til 20,6% av brutto driftsinntekter, og ligg no under snittet i kostragruppa og landet.

Kraftforvaltning

Kommunen sine kraftrettar

Kommunen sine kraftrettar på omlag 54,5 gWh blir seld på kraftbørsen. Kraftrettane inneheld konsesjonskraft på 22 gWh, andelskraft på 28 gWh og eigenproduksjon i Skoltefoss 2-3 gWh. Vi nyttar ekstern kraftforvaltar. Kraftforvaltar-avtalen var ute på konkurranse i 2018 og gjeld i 2019-2022, og vi har i 2022 hatt konkurranse for avtale i 2023.

Kommunen må betale kostpris for krafta vi mottok. Prisen for ein mindre del av konsesjons-krafta blir fastsett sentralt, medan resten av konsesjonskrafta og andelskrafta blir betalt ut frå sjølvkostutrekning frå kraftprodusent. Sjølvkostsprisen varierer mykje frå kraftverk til kraftverk, og avheng også i stor grad av spotpris/marknadsprisen i året.

Endring av kraftforvaltningsreglement i 2022

Dei siste åra har kommunen hatt eit kraftforvaltningsreglement som seier at *kommunen sine kraftrettar skal forvaltast på ein måte som sikrar ein balanse mellom føreseielege inntekter og hgøast moglege inntekter*. Denne strategien har i praksis vore gjort ved at krafta har vorte solgt med stor grad av prissikring (fastprisavtaler). Vurderinga har vore at det har tent kommunen godt.

Kraftmarknaden og skattereglar har endra seg vesentleg i 2021 og 2022. Kraftprisane auka ekstraordinært. Det vart høgare risiko knytt til kostpris på andelskraftskrafta, som følgje av auka grunnrenteskatt (som i stor grad blir fastsett av gjennomsnittleg spotpris i marknaden). Det var og varsla mogleg auka sjølvkostpris for konsesjonskraft. Desse endringane ville kunne medføre høgare risiko med å selja kraft til fastprisavtaler, enn å selja i spotmarknaden.

På bakgrunn av dette vedtok kommunestyret i juni-22 nytt reglement for kraftforvaltning (KS-34/22), som seier at vi i hovudsak skal selja i spotmarknaden og ikkje prissikre salet framover. Reglementet skal tre i kraft frå og med 1.1.2023, og tilpasning til nytt reglement skal skje gradvis frå vedtakspunktet.

Det nye reglementet, som inneber å følgje marknaden fullt ut, vil kunne medføre svært store svingingar i resultat frå kraftsalet frå år til år. Vurderinga er at dette samla skal gje kommunen betre resultat over tid. Men det kan enkelte år gje minimale overskot, til og med underskot på kraftsalet. For å redusere den økonomiske risikoen til kommunen, vart det vedteke at kommunen skal bygge opp eit kraftfond, og kun nytte ein fast sum av kraftsalet i drifta kvart år (frå og med 2023).

Kommunen har sidan sommaren 2022 forhalde seg til det endra vedtekte reglementet for kraftforvaltning. Strategien har no vore å selja kraftmengden i spotmarknaden, og i størst mogleg grad løyse ut tidlegare inngåtte fastprisavtaler når det ev. oppstår gunstige tidspunkt for dette.

Verknad av endringa


For 2022 har det vist seg gunstig å endre strategi:

- Per april-22 var det inngått fastprisavtaler for 42,2 gWh (78% av total kraftmengde 2022). Av dette var 34,6 gWh inngått allereie i 2020 og 2021. Fastprisane låg i hovudsak på 20-30 øre per kWh, men også enkeltavtaler til prisar +/- 1 kr. Snittet for handlar fram til mai-22 var på 39,4 øre.


- Kraftforvaltar løyste ut ein god del av fastprisavtalene for 2022 utover i 2022, ned til 33,4 gWh (61%). Mengden vart løyst ut til snittpris på 1 kr, og vi tapte i snitt 64,6 øre per kWh.
- Det var likevel gunstig. Salgsinntektene og kraftresultatet for 2022 er utvilsomt vorte vesentleg betre ved at vi kunne selja denne mengden, 8,8 gWh, i spotmarknaden utover resten av 2022. Spotmarknaden har frå juni-22 gått opp og ned, men i snitt vore på 2,19 kr. Det er vesentleg høgare enn snittet vi hadde inngått fastprisar på for 2022, og utløysingskostnaden. Legg ein snittprisar til grunn, er forskjellen ca. kr 13,6 mill. betring for den utløyste mengden.
- Kraftomsetninga samla vart kr 53,4 mill., mot ca. kr 31,1 mill. jf. april-prognosen, altså ein auka salgsinntekt på kr 22,3 mill. Dette er høgare salgsinntekt-auke enn talet ovanfor, då det også inkluderer mengden som ikkje vart prissikra (12,2 gWh), som vi også har fått spotpris for.

Kraftforvaltning resultat 2022

Kraftoppgjeret for 2022 viser den høgaste gjennomsnittleg kraftprisen kommunen har oppnådd nokon gong; 98,1 øre /kWh (mot 44,8 i 2021, som også var rekord siste 7 år). Statistikk viser at gjennomsnittleg spotpris i vårt område har variert mykje dei siste 18 åra, frå 9,8 (2020) til 193,4 øre (2022), samla sett gjennomsnittleg spotpris på 40,45.



Nedanfor viser vi utviklinga i kraftinntekter, kostpris/kraftkjøp og netto resultat dei siste seks åra (tal i 1.000 kr).



Vurdering i forhold til kommunen sitt finans-, gjelds- og kraftforvaltningsreglement:

Likviditet. Delmål: *Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekke løpande plikter.*

Arbeidskapitalen er redusert frå 166.041` til 138.847` per 2022 (jf. note 1 til årsregnskapet). Likviditeten var unormalt høg per 2021, då det stod så mykje som 83.548` i ubrukte lånemiddel per 31.12.2021. Det er i løpet av 2022 brukt av midla til investeringar, slik at gjenværande saldo er 46.324`. Midla skal nyttast til investeringar som var budsjetterte i 2022 og som blir gjennomført i 2023. Likviditet til drift (likvide midlar minus ubrukte lånemiddel til investering) er ca. 92.522`, litt betre enn nivået i fjor. Vi vurderer at likviditeten per 31.12.2022 er god. Vi har likviditet til å betale løpande plikter ved forfall, og kunne tole uføresette likviditetsmessige utfordringar av noko omfang.

Finansiell risiko. Delmål: *Ved forvaltning av likvide middel og middel for driftsføremål skal det leggjast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.*

Vi har svært låg risiko på plassering av likviditeten, ved at tilnærma alt står på bankinnskott, og den delen som står i obligasjon har sikra hovudstol.

Også gjeldsplasseringa vurderer vi det er låg risiko knytt til.

Avkastning på overskotslikviditet. Delmål: *Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko.*

Kommunen har konkurransesett bankavtale og nye lån, og vurderer å ha konkurransedyktige vilkår. Vi har gjennom 2022 vald å halde dette uendra, av omsyn til likviditet, fleksibilitet og arbeidskapasitet. Rentene har vore låge, men raskt aukande gjennom 2022, noko som medfører høgare renteinntekter på likvide midlar.

Avkastning langsiktige aktiva. Delmål: *Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ein god og langsiktig avkastning til akseptabel risiko.*

Det har ikkje vore vesentleg ledig driftslikviditet til langsiktig plassering i 2022. Vi har langsiktig strategisk utlån, der renta er langsiktig og vesentleg høgare enn marknadsrenta i 2022 og vi har og strategiske eigarpostar i bl.a. Valdres Energi og i Innlandet Energi Holding. Vi vurderer å ha god avkastning på plasseringa. Vi kan ikkje sjå vesentleg risiko med dei langsiktige finansielle aktiva.

Lågast mogleg totalkostnad for lån. Delmål: *Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko.*

Det har ikkje vore gjort låneopptak i året. Vi vurderer å ha konkurransedyktig rente på låna.

Vi har flytande rente på låna, anten knytt til 3 mnd nibor, eller p.t. rente. Vurderinga vår er at det over tid gjev den lågaste renta, men vi blir meir eksponert for renteauke. Vurderinga har vore og er at vi har ei finansiell stilling med akseptabel risiko, og at det ikkje har vore tenleg å betale den "forsikringspremien" som ligg i å binde renta.

Det har vore låge, men raskt aukande renter gjennom 2022.

Kraftinntekter. Delmål: *Kommunen sine kraftrettar skal forvaltast på ein måte som sikrar ei balanse mellom føreseielege inntekter og høgast moglege inntekter.*

Kraftforvaltningsreglementet vart endra i juni 2022 med verknad frå 1.1.2023.

Reglement før juni 2022	Reglement etter juni 2022
<ul style="list-style-type: none"> • <i>Kraftrettane skal seljast på det opne markedet på gunstigast moglege tidspunkt med mål å gje kommunen høgast moglege inntekter.</i> • <i>For å sikre føreseielege inntekter frå år til år, kan og bør kommunen nytte prissikring av mellom 50% og 100% av kraftmengda.</i> • <i>Trading (kjøp og sal utan underliggjande fysisk kraftmengde) skal samla ikkje overstige 10% av kraftmengda.</i> • <i>Val av forvaltar bør ta omsyn til tidlegare oppnådde resultat for kraftforvaltning, og om dei kan tilby ein sikra minstepris, i tillegg til konkurransedyktige honorar.</i> 	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Andelskrafta skal seljast i spotmarknaden utan prissikring.</i> • <i>Øvrige kraftrettar skal seljast i spotmarknaden utan prissikring. Ev. kan fastprisavtalar nyttast, om rådmannen og forvaltar ser det tenleg.</i> • <i>Overskot frå kraftsal (etter skatt) skal avsetjast til eit eige kraftfond i kommuneregnskapet, fram til fondet utgjør 53 mill.kr.</i> • <i>Kommunen skal årleg inntektsføre i driftsbudsjett og driftsregnskap kr 7 mill. frå kraftfondet, dersom kraftfondet har dekning for denne summen.</i> • <i>Beløpa for årleg inntektsføring og målet for fondet skal indeksregulerast 1.7. kvart år med KPI for siste år per 30.6.</i> • <i>Val av forvaltar bør ta omsyn til referansar når det gjeld kompetanse innan kraftforvaltning og tilhøyrande regelverk og transparens i oppgjer.</i>

Kommunen skulle/kunne tilpasse seg praksis gradvis frå vedtakstidspunktet: «*Tilpasning til nytt reglement skal skje gradvis frå vedtakstidspunktet. Prissikringsavtaler som er gjort før nytt reglement trer i kraft skal vidareførast så lenge kraftforvaltar og rådmannen meiner det er den økonomisk beste løysinga for kommunen.*»

Kommunedirektøren vurderer at kraftforvaltninga har vore i tråd med vedtaka som er gjort for kraftforvaltning.

Ikkje avvik i høve krav i finans-, gjelds- og kraftforvaltningsreglementet.

Kommunedirektøren meiner det ikkje er avvik mellom krav i finans-, gjelds- og kraftforvaltningsreglementet og den faktiske forvaltninga.

Investeringer

Investeringsregnskapet - kommentarar

Nedanfor fylgjer ei oversikt over investeringar per prosjektgruppe - rekneskap, budsjett og budsjettavvik, og forslag til budsjettendring for 2023.

I denne oversikta ligg ev. prosjektinntekter saman med utgifter på prosjektet. I rekneskapet §5-5 løyvingsoversikt ligg prosjektinntektene under eige område under investeringsinntekter, ikkje i sum investeringsutgifter. Rapportane er difor ikkje direkte samanliknbare.

Tal for budsjettendring er pluss dersom det er forslag om å auke ramma i 2023, minus ved forslag om å redusere ramma grunna meirforbruk i 2022.

Tal i 1.000

Pr nr	Prosjekt navn	2022 Buds (end)	2022 Regnskap	Avvik	Forslag budsj endring 2023	Kommentar
SUM	Andre investeringar	27 757	25 394	- 2 363	4 025	
Sum	Kommunale bustadområder	- 2 613	- 3 698	- 1 085	-	
32001	Solhauglie bustadfelt	- 210	- 204	6	-	
32002	Klyppemyrhaugen bustadfelt	- 2 403	- 2 918	- 515	-	Salg tomter
32005	Heranglie bustadfelt	-	- 327	- 327	-	Netto inntekter skogavvirking
32006	Tingvang bustadfelt (Løkjiskogen)	-	- 249	- 249	-	Salg tomter
Sum	Kommunale bygg mv.	13 325	11 607	- 1 718	1 745	
34029	Øystre Slidre helsetun	3 964	4 252	288	0	Ferdigstilt og avsl.budsj.ved 2.tertial, men har kome på etterarbeid i 2022 i samband med ferdigstilling av inne og ute. Det er også behov for supplering av utstyr helsetunet, det kan bli dekket av 2023 budsjett for utsmykking mv.
34035	Utsmykking helsetunet	700	431	- 269	0	Ferdig, men gjenstår skilt og kunstkonsulentfaktura - fortset med budsjett i 2023.
34043	Lydisolering av kulturskulerom	249	135	- 114	114	Gjenstår rømningsveg, måling og møbler ventareal - 2023
34045	Rogne barnehage - utviding av garderobe 2021	3 504	2 673	- 831	831	Ferdigstilt, men gjenstår sluttoppgjør.
34049	Brennebakkin - avlastningsbustad 2022	7	11	4	-	Ikkje starta, fortset med budsjett i 2023
34050	Kjøp av bustad Furustrand	4 101	4 101	-	-	Ferdig
34052	Nytt helsehus	-	4	4	-	Planlegging i 2022, fortset med budsjett i 2023
34054	Nye enegiløysingar kommunehuset/ØSUS	800	-	- 800	800	Kom ikkje i gang i 2022 - blir vidareført i 2023.

Øystre Slidre kommune - Årsrapport 2022

Pr nr	Prosjekt navn	2022 Buds (end)	2022 Regnskap	Avvik	Forslag budsj endring 2023	Kommentar
Sum	Kommunale vegar	8 006	5 735	- 2 271	2 280	
34042	Uteområde Tingvang - ØSUS	456	456	-	-	Ferdig
34044	Volbu bru	5 687	5 241	- 446	446	Ferdigstilt. Men gjenstår tillegg grensejustering og litt arbeid i 2023. Omfattar del VA.
34310	Trafikksikring Solhauglie	22	31	9	-	Prosjektet fortset i 2023
35010	Furustrand uteområde inkl. gangveg Heggenes	1 841	7	- 1 834	1 834	Overfør til 2023
Sum	Andre investeringar	- 819	- 557	262	-	
30001	Kjøp av transportmidler	1 100	1 237	137	-	Ferdig (bilar heimetenesta)
34098	Sal av driftsmidler	-	- 110	- 110	-	Salg bilar
32501	Raubrøtmoen industriområde	- 359	- 374	- 15	-	Salg tomter
34099	Sal av fast eigedom	- 1 560	- 1 310	250	-	Innløysing festetomter 2022
Sum	Infrastruktur Beitstølen med UB-- og e-sk-middel	9 858	12 307	2 449	-	
35002	Skibru- Beitstølsvegen/Menkelie	1 785	2 441	656	-	Ferdig. Avrekning viste meirutgifter i høve prognose -22.
35005	Finntøppvegen Tjednbakkvegen Solbakkin (overtakelse og oppgradering veg+fortau)	73	121	48	-	Prosjektet fortset i 2023.
35006	Skibru - Finntøppvegen	8 000	9 726	1 726	-	Ferdigstilt 2022, med meirutgifter. Fin av e-sk fond 5.800`ok. Blir inspeksjon og etterspenning mm. 2023.
35012	Trillestig Rupetjedd	-	19	19	-	Prosjektet fortset 2023.
SUM	VA sjølvkost	27 597	29 266	1 669	- 714	
Sum	VA-utbygging i bygda	14 613	17 808	3 195	- 1 298	
34504	VA Gullbakkvegen	719	469	- 250	250	Hoveddelen gjennomført, men gjenstår gjerding, ulempeerstatning mm. - 2023
34510	VA Kjøk- Nordtorp (LIDAR - SÆLID)	25	25	-	-	Ferdig 2018, men ulempeerstatning 2022.
34532	VA Sæle Furustrand	22	56	34	-	Ferdig 2020, men ulempeerstatning 2022.
34534	VA Storefoss Nedrefoss	178	2 016	1 838	-	Ferdig. Har vore tvist, men inngått avtale feb-23. Har sett av midlar til denne.
34537	VA Røsshauget	66	72	6	-	Ferdig 2021, litt restarbeid 2022.
38020	VVA Heranglie	13 600	15 148	1 548	- 1 548	Godt i gang og i rute 2022, fortset 2023-2024. Gjort litt meir 2022 enn prognosert 2.tertial. Dette er eit VVA-prosj., som inneheld stor del veg mv. Påbegynt, blir ferdigstilt 2024
38025	VA Nordtorp-Hegge stavkyrkje	1	1	-	-	Påbegynt gjennomføring med budsjett 2023
38050	VA Bergojordet	2	9	7	-	Påbegynt gjennomføring med budsjett 2023
38080	VA Nedrefoss-Rolandsgarden	-	12	12	-	Oppstartskostnader.
Sum	VA - mindre anlegg årleg	4 904	4 256	- 648	-	
38400	VA Mindre VA- anlegg årleg	1 552	904	- 648	-	Unytta løyving -22. Det blir gjeve årleg løyving.
38401	VVA Postbergvegen	1 263	1 263	-	-	Ferdig, teke i bruk 2022.
38402	VA Køllstadvegen	2 089	2 089	-	-	Ferdig, teke i bruk 2022.

Øystre Slidre kommune - Årsrapport 2022

Pr nr	Prosjekt navn	2022 Buds (end)	2022 Regnskap	Avvik	Forslag budsj endring 2023	Kommentar
Sum	VA i hytteområda	6 073	3 607	- 2 466	2 170	
38501	VA Finntøplie	6 450	4 280	- 2 170	2 170	Godt i gang og i rute 2022, fortset 2023.
38530	VA Gravfjellet hytteområde	-	2	2	-	Prosjektet blir gjennomført med budsjett 2023-2026
38550	VA Robølshøvda hytteområde	- 377	- 675	- 298	-	Anleggsbidrag i takt med tomtosal, til finansiering av tidlegare kommunal forskottering, jf. utbyggingsavtale.
Sum	VA Høgdebasseng Nordtorp	1 500	2 890	1 390	- 1 390	
38701	VA Nordtorp Høgdebasseng	1 500	2 890	1 390	- 1 390	Påbegynt 2022, hovedgjennomføring 2023. I 2022 er det i hovedsak vegen til høgdebassenget som er ferdigstilt og i bruk som anleggsveg. Vart gjort meir i 2022 enn prognosert 2.tertial.
Sum	Oppgradering vassverk	7	342	335	- 333	
38810	VA Oppgradering Ole vassverk	-	2	2	-	Påbegynt, blir gjennomføring med budsjett 2023.
38820	VA Mellseinn vassverk (Kollstad)	7	340	333	- 333	Forprosjekt gjennomført 2022. Gjennomføring 2023-2026 (høgdebasseng og tekniske anlegg). Gjort litt meir i 2022 enn prognosert 2.tertial.
Sum	Renseanlegg	500	363	- 137	137	
38901	VA Nye Nedrefoss Ra forprosj. inkl. utarb reguleringsplan og erverv grunn	500	363	- 137	137	Forprosjekt gjennomført 2022.
SUM	Aksjer og andelar	1 000	705	- 295	300	
31002	Aksjer og andelar	1 000	708	- 292	300	KLP. Aksjer Løken blir fyrst 2023.
31003	Lån avdrag formidlingslån (startlån)	-	3	- 3	-	Salderast mot bunde fond.
SUM	Utlån	5 500	-	- 5 500	-	
31009	Utlån	5 500	-	- 5 500	-	Vart ikkje aktuelt i 2022. Er budsjettpost i 2023.
SUM	Interne finansieringstransaksjonar	- 61 854	- 55 365	6 489	- 3 611	
39999	Mva-komp.inntekt investering	- 6 671	- 6 393	278	- 805	
39999	Bruk av lån	- 43 083	- 42 372	711	- 2 006	
39999	Bruk av lån til vidareutlån	- 5 500	-	5 500	-	
39999	Overføring frå driftsregnskapet	- 6 600	- 6 600	-	- 800	Unytta løyving e-skatt 2022: Furustrand gangveg 500` og aksjer Løken 300`
SUM	TOTALT	-	-	-	-	

Personal og organisasjon

Rekruttering

Det vart til saman rekruttert inn 39 nye personar i faste stillingar gjennom 2022 (mot 25 året før). 35 personar (mot 36 året før) slutta i faste stillingar i løpet av året (turnover på om lag 10,9 %. Rekna i årsverk er turnover om lag 10,3 %).

Gjennom 2022 har det vorte ei stadig større utfordring å rekruttere, særleg gjeld dette sjukepleiarstillingar. Per 31.12 mangla kommunen om lag 3,5 sjukepleiarar i faste stillingar. I tillegg manglar det om lag 1,5 sjukepleiarårsverk i vikariat/mellombelse stillingar. Også andre fagstillingar med krav om 3-årig utdanning (som t.d. vernepleiarar) har vore vanskeleg å rekruttere i. For helsefagarbeidarar har det vore ei utfordring å fylle små helgestillingar med kvalifisert personell. Generelt i pleie- og omsorgssektoren er deltidsprobatikken ei betydeleg utfordring. Det blir stadig vanskelegare å rekruttere kvalifisert personell inn i deltidstillingar. Dette er nærare omtala i eit eget kapittel i denne årsrapporten om arbeidstid/deltid.

I skulen hadde kommunen per 31.12 kvalifiserte lærarar tilsett i alle faste lærarheimlar. Her har det likevel vore ei utfordring å få kvalifiserte vikarar, både i kortare og lengre vikariat (opp til eitt år). Av til saman om lag 8,5 årsverk i mellombelse stillingar og vikariat, mangla litt over halvparten godkjent utdanning.

Også på barnehageområdet hadde kommunen per 31.12 kvalifisert personell tilsett i alle faste heimlar som pedagogisk leiar. Vi har likevel hatt 2,2 årsverk på dispensasjon (pedagogiske leiarar utan godkjent kompetanse) i vikariat. Ledige barne- og ungdomsarbeidarstillingar har stort sett hatt bra med søkjarar.

Det er bekymringsfullt at kommunen ikkje klarar å rekruttere nok lærlingar, særleg var dette ei utfordring på helsefagarbeidersida i 2022, då vi ikkje klarte å rekruttere nokon nye lærlingar. Vi opplever ein trend i retning av at potensielle helsefagarbeidarar vel å ta påbygging for å få studiekompetanse, framfor å starte opp som lærling.

Det har vore ein del nyttilsettingar i tekniske tenester gjennom 2022. Her har kommunen tilsett fleire svært godt kvalifiserte kandidatar, og har ikkje opplevd store rekrutteringsutfordringar gjennom året.


Som tidlegare, er det likevel gjennomgåande færre søkjarar til leiarstillingar enn det som hadde vore ynskjeleg. Dette gjeld gjennomgåande i alle sektorar.

Likestilling

Under gjer vi greie for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling, og kva kommunen gjer for å oppfylle arbeidsgjevar sin aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringslova § 26 (jf. krav i kommunelova § 14-7, 2. ledd e og f).

Det er framleis eit relativt kjønnsdelt arbeidsmønster i kommunen:

	Nøkkeltal
Kvinnedel tilsette:	270 av 334 (80,8 %)
Kvinnedel årsverk:	80,1 %
Kvinnedel toppleiarar (tilsette):	1 av 2 (50 %)
Kvinnedel mellomleiarar (tilsette):	20 av 24 (83,3 %)
Kvinnedel mellombels tilsette (utan fast stilling, inkl. vikar):	23 av 28 (82,1 %)
Kvinnedel deltidstilsette fast stilling (under 100%):	150 av 176 (85,2%)
Kvinnedel foreldrepermisjon 2022 (tal veker):	266 av 296 (89,7%)




Per desember 2022 hadde kvinner ei gjennomsnittleg regulativlønn på 95,1 % av gjennomsnittet for menn (i grunnlaget ligg om lag 265 årsverk). Tilsvarende tal for 2021 var 90,4 %, noko som betyr at Øystre Slidre kommune har hatt ei **positiv** likelønnsutvikling gjennom 2021.

Tabell 1-6 Likelønn

	Desember 2021	Desember 2022
Snitt reg.lønn kvinner	509 799	525 568
Snitt reg.lønn menn	563 770	552 848
Likelønnsprosent	90,4 %	95,1 %

Utviklinga har vore slik:



Likelønnsutviklinga har vore jamt positiv i kommunen gjennom dei siste fem åra (ein liten tilbakegang i -21), og er no på eit «historisk høgt» nivå.

Når det gjeld negativ likelønnsutvikling i kategorien «mellomleiarar», er forklaringa samansett. Frå 2020 til -21 var det ei auke i talet på mellomleiarar som ein følge av omorganiseringar innan helse og omsorg. Talet på mellomleiarar, og då særleg mannlige mellomleiarar, er så lite at tilfeldige variasjonar (gjennom tilsette i avgang og nytilsettingar) vil gje stort utslag på statistikken.

Tiltak (diskriminering/likestilling)

Kommunen har i sine lønnspolitiske retningslinjer eit eget kapittel om likelønn.

Kommunen er bevisst på å kalle inn søkjarar på intervju basert på kvalifikasjonar, og har dei siste åra tilsett fleire medarbeidarar av utanlandsk opphav, også i administrative stillingar.


Likebehandling er ein viktig verdi i kommunen, og har vore gjenstand for drøftingar både på politisk og administrativt nivå også i 2022.

Kommunen har ein liberal praksis når det gjeld mogelegheiter for mellombels redusert arbeidstid i periodar med omsorg for små barn.

Det er ikkje konkrete planar om større tiltak.

Arbeidstid/deltid

Øystre Slidre kommune har fokus på deltidspromatikk. Gjennomsnittleg stillingsprosent (fast tilsette) har utvikla seg slik (status per 31.12 kvart år):



Gjennomsnittleg stillingsprosent (faste stillingar) har – kommunen sett under eitt – vore forholdsvis stabil det siste året (ein auke frå 78,66 til 79,34 gjennom året). Det kan likevel vere verd å merke seg at det i har vore ei svakt negativt utvikling blant *menn* gjennom 2022.

For kvinner er endringa fordelt slik (på område):

Område	2022	2021
Opplæring og kultur	85,91	89,58
Helse og omsorg	69,05	65,15
Andre	84,67	86,00
Totalt	79,13	78,02

I turnusyrke er dette ei kompleks problemstilling, der krav til bemanning på helg vil medføre at stillingsutvidingar vil utløyse fleire reine helgestillingar (små delstillingar), dersom det ikkje samstundes blir gjort noko med arbeidstidsordningane.

Det er frå innflytting i nytt helsetun i 2021 gjort avtale med organisasjonane om mellombels unntak frå arbeidsmiljølova, med innføring av langvakter på helg (14-timersvakter) for dei som ynskjer det. Dette har gjort det mogeleg å tilby høgare stillingar (mellombels) for dei tilsette som ynskjer det. Dette grepet gjev likevel ikkje utslag på statistikken over, då det i statistikken er teke utgangspunkt i *faste* stillingar. Om vi tek omsyn til dei mellombelse stillingutvidingane, er gjennomsnittleg stillingsstorleik for kvinner i helse- og omsorgssektoren noko høgare.

Øystre Slidre kommune praktiserer elles deltidstilsette sin rett til stillingsutviding, gjennom å lyse ut ledige faste stillingar internt i samsvar med føresegnene i Hovudtariffavtalen. Der det blir vurdert som føremålstenleg, opnar kommunen for å dele stilling (at deltidstilsette kan søkje på dei delane av den ledige stillinga som let seg kombinere med eksisterande stilling).

Sjukefråvær


Kommunen hadde i 2022 eit sjukefråvær på 11,0 %, noko som er det høgaste talet kommunen har hatt dei seinare åra.

Fordelt på område/kjønn er tala slik:

	2022	2021	2020	2019	2018
Kvinner	12,4 %	11,3 %	10,6 %	10,9 %	11,1 %
Menn	5,5 %	2,9 %	5,0 %	4,3 %	3,7 %
Totalt	11,0 %	9,6 %	9,5 %	9,6 %	9,6 %
	2022	2021	2020	2019	2018
Opplæring og kultur	9,2 %	11,0 %	8,0 %	9,4 %	9,1 %
Helse og omsorg	13,7 %	10,8 %	12,6 %	11,0 %	12,2 %
Andre	9,9 %	5,1 %	6,7 %	7,3 %	5,4 %
Totalt	11,0 %	9,6 %	9,5 %	9,6 %	9,6 %


Det er særleg i helse og omsorg det har vore ei auke sidan i fjor, men også i kategorien «andre» har det vore ei stor auke. Koronapandemien forklarar noko av auka.

Utviklinga i Øystre Slidre gjennom dei siste 10 åra har vore slik:



Som tidlegare er det langtidsfråværet som utgjer hovudtyngda av sjukefråværet i kommunen.

Kroniske/alvorlege lidingar gjev stort utslag på statistikken:




Kommunen har rutinar for oppfølging av langtidssjukmeldte.

Uføredel

Når sjukefråværet i Øystre Slidre er forholdsvis høgt, er det relevant å sjå på kor stor uføredelen er. Her viser tal/statistikk frå KLP at Øystre Slidre kommune framleis har ein lågare uføredel enn gjennomsnittet. Den låge uføredelen kan vere ei delforklaring på det høge sjukefråværet i kommunen, då dette kan vere ein indikasjon på at kommunen klarer å legge til rette for arbeidstakarar med helseproblem slik at dei ikkje går over i uføretrygd.

Uføreandel per årsverk

Kommuner og bedrifter



Denne statistikken viser ikkje sjukepleiarar (eiga ordning i KLP) eller undervisningspersonell (er medlemmer i SPK).

Etisk standard

Under gjer vi greie for tiltak som er sett i verk eller planleggast sett i verk for å sikre ein høg etisk standard (jf. krav i kommunelova § 14-7, 2.ledd d).

Kommunen har retningslinjer for misleghald, og det vart utarbeida nye varslingsrutiner i 2018. Desse er enkelt tilgjengeleg for tilsette (i kommunens internkontrollsystem). Likebehandling og habilitet er viktige verdUnder gjer vi greie for tiltak som er sett i verk eller er planlagt sett i verk for å sikre ein høg etisk standard (jf. krav i kommunelova § 14-7, 2. ledd, bokstav d).

Kommunestyret vedtok etiske retningslinjer i mars -22. Dei etiske retningslinjene bygger på kommunen sine verdiar (frå samfunnsdelen av kommuneplanen), og er utarbeida i samsvar med råd frå KS. Dei etiske retningslinjene inneheld m.a. skildringar av interessekonfliktar, inkl. habilitetsspørsmål, bijobbar og gåver/fordelar, og seier noko om reaksjonar ved brot på retningslinjene.

Kommunen hadde i 2022 to varslingsaker. Det vart ikkje avdekt kritikkverdige forhold i desse sakene. I samband med varslingsakene vart det avdekka eit behov for oppdatering av varslingsrutinene til kommunen (tilpassing til lovendringar). Iar i kommunen, og har vore gjenstand for drøftingar både på politisk og administrativt nivå også i 2020.

Miljø

I kommuneplanen sin samfunnsdel heiter det at *"Me skal sikre kvalitetane i naturen for oppleving, næring og utvikling, og tenkje klima og miljø i alt me gjer. Me skal styrke nasjonalparkkommunesatsinga, noko som er positivt både for næringslivet, innbyggjarane og deltidsinnbyggjaren. Utbyggingsgrensene i fjellet og i stølsområda skal stå fast. Gjennom god og styrt tilrettelegging skal me skjerme sårbare områder og redusere eit eventuelt konfliktnivå. Me skal vere i forkant av den grønne omstillinga og klimamåla for 2050, og legge særleg vekt på arbeidet gjennom satsinga Klima+."*

Vi etablerte i 2020 prosjektet Klima+ og har i 2020-2022 arbeida med å omstille hyttenæringa til ei meir klima- og miljøvenleg næring.

Kommunen vart miljøsertifisert i 2021.

Internkontroll

Kommunedirektøren sin internkontroll

Kommunen sitt elektroniske internkontrollsystem er under stadig utvikling, og inneheld:

- Reglement/rutinar/prosedyrar (915 dokument per mars 2023).
- System for ROS-analyser
- System for avviksmeldinger/-handtering (inkl. ulykker/nestenulykker)
- System for varsling

Det vart i løpet av 2022 meldt om 199 avvik. Dei siste fem åra har talet på avvik variert slik:

År	Tal avvik
2018	140
2019	114
2020	138
2021	126
2022	199

Avvika er fordelt slik på kategori:

Teneste/brukar	40,6 %
Organisasjon/internt	16,6 %
HMS	41,7 %
Personvern/GDPR	1,1 %

Det vart gjennomført ei opplæringsrunde på internkontrollsystemet i fleire delar av verksemda også i 2022.

Avvika fordeler seg slik på alvorgrad:

	2022	2021
Låg	126	47
Middels	62	53
Høg	11	26
Totalt	199	126

Som tabellen viser, er den forholdsvis store auken i meldte avvik av låg alvorgrad. Dette kan vere eit teikn på at opplæringa som har vore gjennomført i løpet av året har hatt ein effekt. Framleis er det grunn til å tru at det blir meldt for få avvik. Det er difor viktig å halde fram med fokus på dette området.

Avvika fordeler seg slik på område:

	2022	2021
Helse og omsorg	54	75
Opplæring og kultur	137	44
Andre	8	7
	199	126

Tabellen viser at det har vore ei betydeleg auke i talet på rapporterte avvik innan opplæring og kultur. Det er auke både i skule og barnehage, men auken er størst i grunnskulen (opp frå 30 meldte avvik i 2021 til 106 i 2022).

Arbeidet med ein systematisk gjennomgang av rutinane (systematisering og kartlegging av ev. manglande rutinar/risikoanalysar) er starta opp. Internkontroll, med hovudfokus på ROS-analyser har vore tema på leiarseminar i 2022, og kommunen gjennomførte opplæring i risikovurderingar for leiarar og verneombod og tillitsvalde i regi av bedriftshelsetenesta i mai.

Det vart gjennomført ein forvaltningsrevisjon på internkontrollområdet heilt på slutten av året. Revisjonsrapporten vart framlagt i januar -23, og vil bli nærare omtala i årsrapporten for 2023.

Kommunen sine tenesteområde

Kommunedirektør - fellesområde

Status økonomi

Beløp i 1000

Virksomhet	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2021	2022	2022		
100-Politisk leing og kontrollorgan	2 433	2 846	2 893	47	1,6 %
110-Kommunedirektør felles	1 955	1 691	2 233	541	24,2 %
120-Stab	15 898	15 834	15 848	13	0,1 %
800-Kraftforvaltning	-12 027	-25 238	-8 451	16 788	198,7 %
900-Ramme og skatt	0	4	0	-4	0,0 %
910-Renter og avdrag	-4	1	0	-1	0,0 %
950-Pensjon mv. felles	-10 681	-8 494	-8 891	-397	-4,5 %
Sum	-2 426	-13 356	3 632	16 988	467,7 %

Kommentar til status økonomi

Kommunedirektøren – fellesområde viser samla mindreforbruk/meirinntekt på 16.988`. Det skuldast i hovudsak:

- Kraftforvaltning (16.787`), som følge av stor auke i kraftprisar. Det har spelt positivt inn at kommunestyret vedtok endra forvaltningsstrategi i juni 2022. Vi viser til nærare omtale under kapittel Finans-, gjelds- og kraftforvaltning.
- Unytta løyvingar og meirinntekter samla under kommunedirektør ogo stab (555`). Bl.a. meirinntekter fakturerbart arbeid, mindreutgifter til porto.
- Politisk leing og kontrollorgan viser mindreforbruk (47`) (lønn).
- Pensjon netto totalt for kommunen viser meirforbruk (397`), grunna høg reguleringspremie.

Det er enkelte budsjettavvik/forskyvningar mellom dei ulike underansvar. For det enkelte ansvarsområde nevner vi:

Kommunedirektøren – fellesområde viser mindreforbruk (537`), som i all hovudsak skuldast:

- Mindreforbruk på reservert løyving (318`), som går mot negative budsjettavvik under stab, sjå bl.a. HAVA, yrkesskadeforsikring og IKT.
- Avgifter og lisensar (243`), som i hovudsak går mot tilsvarande meirforbruk under stab. Samla mindreforbruk under kommunedirektør/stab (86`).
- Meirutgifter på kurs, møter og opplæring (57`)

Stab er samla sett om lag på budsjett. Men vi nevner meirforbruk på:


- Ekstraordinære utgifter til HAVA bedriftshelseteneste, i hovudsak grunna meirforbruk av timar i samband med medarbeiderundersøkelsen dei gjorde på Tingvang (143`).
- Yrkesskadeforsikring (80`), som er for lågt budsjettert.
- IKT-utgifter er noko høgare enn budsjettert (77`). Samla under kommunedirektøren er det lågare meirforbruk (44`). Skuldast overgang til mobilt sentralbord.

- Avgifter og lisenser under økonomiavd. (161`), som går mot mindreforbruk under kommunedirektøren.
- Lønn viser meirforbruk under økonomi (224`), til ekstrahjelp, ut over sjukepengerefusjon. Av dette er 103` ført som covid-utgifter, refundert under sentrale inntekter. Det har også vore høgare salgsinntekter for arbeid.

Det er mindreutgifter/meirinntekter på bl.a.

- Høgare salgsinntekter på økonomi enn budsjettert (502`), pga. meir fakturerbart arbeid og forespørslar enn forutsatt (reelt avvik).
- Mindre porto mm. (210`)

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggerane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.	Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.	Er i stadig utvikling. Viser til omtale i eige kapittel.	Ubehandla avvik	0	0 
	Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av utføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarande tenester.	Legemeldt sjukefråvær for kommunens «off.adm.», herunder kommunehuset Tingvang, ligg under landet (kommunal sektor). Sjukefråværet i kommunen som heilheit er høgare enn snittet i kommunal sektor i landet, men vi har lågare utføreandel. Viser til omtale i eige kapittel.			
	Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.	Det er ikkje reelle negative budsjettavvik under kommunedirektøren i 2022. Det er heller ikkje negativt budsjettavvik samla for kommunen.	Innanfor budsjett		100,0 %

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2021	Øystre Slidre 2022	Kostragruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	6 484	5 915	5 266	4 558
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	190	189	238	138
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	480	511	602	410

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov

Kommunen har høgare administrative utgifter snittet i kostra-gruppe 04 og landet utan Oslo. Talet er imidlertid redusert noko. Det er mykje skjønn knytt til kva som skal fordelast ut på tenestefunksjon og kva som skal ligge på administrasjon, sjølv om ein nyttar kostra-veilederen. Vi har inntrykk av at praksis varierer mykje mellom kommunane. Herunder for IKT-utgifter. Vi har fordelt 50% ut frå ei heilheitsvurdering opp mot kostra-veileder, medan 50% er henvørt til administrasjon. Vurdering /fordeling av ulike leiarstillingar kan og variere mykje frå kommune til kommune.

Kommunen har i 2022 brukt mindre til kontroll og revisjon enn gjennomsnittet i kostra-gruppa, men meir enn landet utanom Oslo. Talet er om lag som året før.

Kommunens utgifter til politisk styring gikk litt opp att i 2022, etter at det gikk ned i 2021 som følge av koronaen. Kommunen ligg på eit normalt nivå om ein ser på gruppene kommunen samanliknar seg med.

Opplæring og kultur

Status økonomi

Beløp i 1000

Virksomhet	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2021	2022	2022		
200-Felles opplæring og kultur	5 319	7 575	7 863	289	3,7 %
211-ØSUS	12 058	10 930	12 249	1 318	10,8 %
212-Rogne skule	13 969	15 280	13 856	-1 425	-10,3 %
215-Lidar skule	13 315	13 013	12 634	-379	-3,0 %
231-IIB Tingvang barnehage	-3	0	0	0	0,0 %
232-Rogne barnehage	10 244	11 085	10 575	-511	-4,8 %
236-Beito barnehage	5 294	5 959	5 736	-222	-3,9 %
238-Private barnehager	4 757	5 436	5 046	-391	-7,7 %
250-Kulturavdelinga	9 115	9 397	9 124	-273	-3,0 %
280-Flyktningetenesta	4 416	-676	134	810	604,7 %
Sum	78 483	78 000	77 216	-783	-1,0 %

Kommentar til status økonomi

Totalt sett er det eit mindreforbruk innanfor opplæring og kultur i 2022 på 783`. Det varierer om det er meirforbruk eller mindreforbuk innanfor dei ulike tenesteområda:

Felles opplæring og kultur (mindreforbruk 289`)

PPT (pedagogisk psykologisk teneste) viser meirforbruk på 413`. Dette er i årsberetninga frå PPT (vertskommune Nord-Aurdal kommune) grunngeve med høgt sjukefråvær og tilsettingar for å demme opp for ustabilitet på grunn av fråvær.

Sentralt område viser mindreforbruk på 701`, hovudsakleg innan grunnskule. Dette går i stor grad mot meirforbruk på andre ansvarsområde.

ØSUS (mindreforbruk 1.318`)

Mindreforbruket skuldast i hovudsak vesentleg høgare refusjonar frå andre kommunar enn budsjettert. Det er eit meirforbruk på 316` til skuleskyss og lærebøker.

Rogne skule (meirforbruk 1.425`)

1.047` av meirforbruket er på fastløn og sjuke-/fødselsvikar. Noko av meirforbruket i fastløn er på grunn av ein større dekning av fagarbeidarar enn budsjettert. Det er vidare eit meirforbruk på omlag 214` til lærebøker og undervisningsmateriell. Det er kome inn mindre på refusjonar enn budsjettert (ca. 240`), dette på grunn av endring i elevgruppa.

Lidar skule (meirforbruk 380`)

Lidar skule har meirforbruk på løn med 130`. Det er også meirforbruk på enkelte postar under drift, m.a. for undervisningsmateriell og lærebøker.

Rogne barnehage (meirforbruk 511`)

Meirforbruket er i hovudsak knytt til lønn til spesialpedagogiske tiltak som kom inn i løpet av året og som ikkje var budsjettert. Andre vegen går fråvær, der refusjonar utgjør meir enn meirutgifter til vikarar.

Beito barnehage (meirforbruk 222`)

Meirforbruket er i hovudsak på lønn (225`), som fordeler seg på fastlønn og vikarar.

Private barnehagar (Heggebø friluftsbarnhage) (meirforbruk 391`)

Meirforbruket er knytt til spesialpedagogiske tiltak.

Kulturavdelinga (meirforbruk 273`)

Kulturskulen har eit meirforbruk på totalt 520`, m.a. ca. 350` på kjøp av tenester frå andre kommunar. Det er ca. 200` mindre inntekter enn budsjettert. Vi ser at fleire får innvilga redusert foreldrebetaling i kulturskulen enn tidlegare. Ein del av meirforbruket blir teke inn att ved mindreforbruk i kulturavdelinga felles.

Flyktingetenesta

2022 har vore prega av Ukraina-krigen, og vi har i 2022 teke imot over 66 flyktingar, og måtte finne tilfredsstillande løysingar for mottak og integrering på kort varsel. Mottaket av flyktingar har medført høgare kostnader og høgare inntekter for kommunen. Ekstra inntekter og utgifter som følge av mottak av flyktingar skal ha vorte prosjektført. Prosjektregnskapet viser eit overskot på ca. 2.750`, sjå tabell nedanfor.

Resultatpost	Flyktn tenesta	Opplær kultur	Helse omsorg	Tekniske tenester	Sum
Lønn (ink.intro-stønad)	7 796	377	-	30	8 203
Utgifter	4 011	41	151	77	4 280
Inntekter	- 15 233	-	-	-	- 15 233
Regnskapsresultat	- 3 426	418	151	107	- 2 750
Avsett til ubunde flyktn fond	2 750				2 750
Netto i regnskapet	- 676	418	151	107	-
Budsjett	134	100			234
Budsjettavvik	- 810	318	151	107	- 234
- er inntekt og overskudd					







Overskotet er avsett til ubunde flyktingefond, dvs. saldert i null som føreset i økonomiplanen for 2022. Fondet skal kunne nyttast som buffer for ev. uforutsette kostnader, og ev. kostnader i etterkant av at tilskotsperioden er over.

Kommunen har truleg hatt meir ekstra kostnader som følge av det store mottaket av flyktingar, enn det som er registrert på prosjektregnskapet - det ligg i dei ordinære tenesteregnskapa.

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbygarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.	Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.	Kommunen har ROSanalyser som vurderer risiko for brot på lov om barnehage og dele av opplæringslova. Ein utarbeide fleire ROSanalyser, og arbeidet er ikkje ferdig. Ein har arbeidd for ein meir aktiv bruk av Compilo.			
	Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av utføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarande tenester.	Frå 4. kvartal 2021 til og med 3. kvartal 2022 ligg vi over landsgjennomsnittet på legemeldt sjukefråvær innanfor skule og under landsgjennomsnittet innanfor barnehage. Innan flyktningetenesta og kultur har fråværet vore 1,7 - 2,7%, noko vi vurderer er innanfor normalen. Fråværet i einheitene i skule og barnehage har variert frå 6,3 - 14,7% siste år. Det vurderer vi er i høgste laget, og vil arbeide nærare med dette framover.	Sjukefråvær	7.8	
	Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.	Det er totalt eit meirforbruk på 780´. Hovudsakeleg gjeld overforbruket innanfor løn i skule og barnehage.	Innanfor budsjett		
Opplæring og kultur: Alle barnehageforeldre skal oppleve å bli tatt imot, å bli ivareteke på ein god måte i kvardagen og få vidareutvikle foreldrekompetansen.	Foreldreundersøkinga vise at foreldre oppleve at dei blir take godt imot i barnehagna i kommunen. Tilbakemeldingane på foreldremøta eta det har vore ganske nyttig. PPT, helsestasjonen meir informasjon om kva tilbod dei kan tilby foreldra. Psykisk helse				

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat
		BarnehanganeBarnehag skal i gang med foreldreskule.			
		Tilsette er kursa i "Sjå barnet innanfrå" som dei skal vidare nytte ut mot foreldra.			
	Opplæring og kultur: Alle elevar skal ha eit godt, trygt og inkluderande læringsmiljø.	Vi har elevar i skulen som oppleve å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø. Det er oppretta aktivitetsplanar for elevar der ein jobbar for å endre situasjonen for dei enekte. Tiltak på systemnivå er også sett i verk.	Elevunders. 10. trinn - Elevdemokrati og medvirkning		
			Elevunders. 10. trinn - Felles regler		
			Elevunders. 10. trinn - Læringskultur	4,0	
			Elevunders. 10. trinn - Mobbet av andre elever på skolen		
			Elevunders. 10. trinn - Trivsel		
			Elevunders. 7. trinn - Elevdemokrati og medvirkning		
			Elevunders. 7. trinn - Felles regler		
			Elevunders. 7. trinn - Læringskultur		
			Elevunders. 7. trinn - Støtte fra lærerne		
			Elevunders. 7. trinn - Trivsel		
	Opplæring og kultur: Alle ungene i barnehagen skal ha minst ein å vera i lag med.	Barna i barnehagen har minst ein å vera i lag med.	Sosiogram - løpende observasjon		
	Opplæring og kultur: Auke aktiviteten i Tingvang kulturarena for unge og vaksne gjennom konsertar, debattar, standup, foredrag mv.	Tiltaket er ikkje prioritert i budsjett, derfor er det ikkje leigd inn eksterne artistar/foredragshaldarar. Vi har hatt ein laurdagskafe, som er eit treffpunkt for mange målgrupper og som involverer ungdomsklubb, frivilligsentral, bibliotek, frivillige lag og organisasjonar. Dette blir			

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat
		vidareført med fleire arrangement i 2023.			
	Opplæring og kultur: Barnehagane skal gjennomføre kompetansehevingstiltak for alle tilsette.	Det er gjennomført fleire kompetansetiltak. Tilsette er kursa i COS-P (tilknytningsforståing jamf. Oppvekstplanen. Barnehaganae er med i profesjonelt læringsfellesskap via regionale kompetansemiddel i samarbeid med Høgskulen Innlandet. Rogne barnehage er med i bransjeprogram for barnehage. Vi er med i eit regionalt samarbeid for rettleiing av nyutdanna nytilsette barnehagelærarar.	Kompetanseheving	90,0 %	
	Opplæring og kultur: Elevane skal ha ei god fagleg utvikling.	Nasjonale prøver vise at elevane har framgang frå 5. klasse til 8. og 9. klasse. Resultata veriere. I lesing ligg vi jamt over på same nivå som Innlandet og nasjonalt. I rekning og engelsk ligg vi litt under.	Nasjonale prøver 8. trinn: Lesing	49,0	
			Nasjonale prøver 8. trinn: Regning	47,0	
			Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing	54	
			Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing, mestringsnivå 1	3,0	
			Nasjonale prøver 9. trinn: Regning	51	
			Nasjonale prøver 9. trinn: Regning, mestringsnivå 1	4,0	
	Opplæring og kultur: Kvar ped-leiar skal årleg dele sin kunnskap med andre tilsette i barnehagen på avdelingsmøte.	Det er kompetansedeling i begge barnehagane der pedleierane deler kunnskap.	Kompetansedeling	90,0 %	

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2021	Øystre Slidre 2022	Øystre Kostragruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Andre kulturaktiv. og tilsk. til andres kulturbygg brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	378	570	647	550
Barnehage netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde andel av totale utgifter (prosent)	8,7 %	8,0 %	9,2 %	11,6 %
Barnehage nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	9,9 %	10,0 %	11,1 %	13,7 %
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (215) Skolefritidstilbud (B) *) (**)	357	392	644	943
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner *)	1 855	1 623	2 757	2 874
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter	24,1 %	23,8 %	21,8 %	22,5 %
Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	2,4 %	2,0 %	3,4 %	4,1 %
Netto driftsutgifter per innbygger (231) aktivitetstilbud barn og unge (B) *) (**)	215	214	139	223
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) *) (**)	165 792	184 805	209 872	189 952
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år *) (**)	121 191	114 519	118 128	104 172
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år *)	7 195	6 031	4 504	2 942
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år *) (**)	5 283	5 587	7 360	8 070
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	1,5 %	1,4 %	1,2 %	1,0 %
Skolelokaler brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	3,0 %	3,0 %	2,4 %	2,8 %
Skoleskyss brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	0,6 %	0,6 %	0,5 %	0,3 %
Produktivitet				
Driftsutgifter til undervisningsmaterieell (202), per elev i grunnskolen *)	2 202	2 527	2 238	2 319
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev *)	181 517	182 289	163 959	140 538
Dekningsgrad				
Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	7,4 %	4,2 %	1,9 %	3,2 %
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager (prosent)	19,1 %	21,6 %	17,3 %	22,1 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	9,9 %	10,0 %	10,1 %	7,9 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	3,6 %	4,9 %	4,0 %	5,3 %
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn (prosent)	76,7 %	92,6 %	78,6 %	84,5 %
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	25,9 %	32,5 %	21,4 %	18,2 %
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	82,8 %	65,9 %	71,1 %	73,3 %
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)	69,0 %	64,3 %	68,1 %	70,5 %
Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger (B)	4,8	5,2	3,4	2,4
Kvalitet				
Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)	39,0 %	35,9 %	42,4 %	42,1 %
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	90,7	90,6		
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	3,7	4,0		
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	40,8	40,9	42,7	43,1
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	9,7	10,2	10,9	12,6

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Skule

Kommunen nyttar 23,8% av samla netto driftsutgifter innan grunnskulesektoren (sjå under Prioritet). Dette er noko over kostragruppa og landet. Ser vi på netto driftsutgifter per innbyggjar 6-15 år ligg kommunen noko under kostragruppa, ca kr 4000 over pr. innbyggjar 6-15 år, og over landet med om lag kr 10 000. Øystre Slidre kommune brukar meir pengar pr elev enn landet og kostragruppa på undervisningsmateriell (under Produktivitet).

Innanfor skulefritidsordning er brutto driftsutgifter (under Prioritet) lågare enn kostragruppa og landet. Noko av forklaringa her kan vera at vi har færre elevar på SFO. Vi har også færre timar med SFO enn mange andre stader i landet. Dette kan forklarast ved at vi har lengre skuledagar, og at ei skule ikkje har SFO på morgonen. I 2022 vart det innført gratis kjernetid på SFO for 1. klasse. Det kan tyde på at tiltaket gir fleire elevar som nyttar SFO.

Kommunen ligg jamnt med kostragruppa når det gjeld del elevar som mottok spesialundervisning, og noko over landet (sjå under Dekningsgrad). Kostra viser ein stor auke i tal timar spesialundervisning og tal lærartimar totalt. Her er grunnlaget for utrekninga noko feil på grunn av feilrapportering inn i GSI. Omfanget er om lag som i 2021. Der låg vi også høgare enn kostragruppa og landet. Særskild språkopplæring har auka med 1,3%, og kommunen ligg mellom kostragruppa og landet.

Del undervisning gjeve av godkjent undervisningspersonale er på 90,6% (sjå under Kvalitet).

Nasjonale prøver viser at vi ligg under kostragruppa og landet på lesing og rekning på 8. trinn i 2022. Kommunen ligg noko under landet og kostra på grunnskulepoeng, men har betre resultat enn åra før (sjå under Kvalitet).

Elevundersøkinga viser at elevane svarer at dei trivst betre no enn året før (under Kvalitet).

Skulebygg: Kommunen har hatt høge brutto driftsutgifter til skulebygg samanlikna med kostragruppa og landet (under Prioritet). Vi ligg fortsatt høgare, på same nivå som i 2021.

Barnehage

Kommunen nyttar 10% av samla netto driftsutgifter til barnehage (sjå under Prioritet). Dette er under kostragruppa og landet. Netto driftsutgifter pr innbyggjar 1-5 år har auka (under Prioritet), og vi ligg no nærmast likt med landet, men under kostragruppa. I 2022 hadde vi nærmast fulle barnehagar, og spesialpedagogiske tiltak auka betydeleg i løpet av året.

Det er ei auke i barn som får spesialpedagogisk tilbod i barnehagane (sjå under Dekningsgrad). Vi ligg om lag likt med landet, men godt over kostragruppa.

Minoritetsspråklege i barnehagealder går i barnehagane i Øystre Slidre. Her ligg vi godt over kostragruppa og landet med 92,6% (under Dekningsgrad).

Kostra viser at 39% av grunnbemanninga er barnehagelærarar (under Kvalitet). Det er under snittet i kostragruppa og landet. I dei kommunale barnehagane ligg vi på 41%.

Kultur

Kommunen har i 2022 auka tilskot til andre kulturaktivitetar og kulturbygg per innbyggjar frå kr 378 i 2021 til kr 570 i 2022 (sjå under Prioritet). Vi ligg under kostragruppa, men litt over landet.

Innanfor kulturskulen har vi gått ned per innbyggjar i kroner (under Prioritet), og vi ligg på 2,0 % i netto driftsutgifter av kommunen si totale netto driftsutgifter på kultur mot 3,4 % i kostragruppa og 4,1% i landet. Ser vi på kor mykje vi nyttar per innbyggjar 6-15 år, brukar vi omlag 1500 kr meir enn kostragruppa på kulturskulen. Dette fordi vi har ein høg del av grunnskuleelevane i kulturskulen. Ventelista har gått noko ned frå 2021.

Biblioteket er mykje brukt, og vi har auke på utlån per innbyggjar (under Dekingsgrad). Det er godt over kostragruppa og landet. Skulebiblioteka er også mykje brukt.

Kyrkja

Øystre Slidre kommune har nytta 1,4 % av totale netto driftsutgifter til kyrkja (sjå under Prioritet). Dette er 0,1% mindre enn i 2021. Dette er over Kostragruppa og landet i 2022.

Helse og omsorg

Status økonomi

Beløp i 1000

Virksomhet	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
300-Felles helse og omsorg	30 417	23 429	20 723	-2 706	-13,1 %
310-Helse og tilrettelagde tenester	10 555	28 399	26 990	-1 409	-5,2 %
350-Førebygging og meistring	28 376	32 520	32 477	-43	-0,1 %
360-Institusjonstenester	29 683	32 699	32 364	-335	-1,0 %
370-IIB Tilrettelagte tenester	16 482	195	15	-180	-1172,6 %
Sum	115 513	117 243	112 570	-4 673	-4,2 %

Kommentar til status økonomi

Helse og omsorg viser samla meirforbruk på 4.673`:

Felles helse og omsorg (meirforbruk på 2.706`)

Meirforbruket innan helse og omsorg skuldast i hovudsak interkommunale tenester, totalt meirforbruk på 4.626`. Vi viser til nærare omtale i årsberetning Interkommunale samarbeid frå Nord-Aurdal kommune (NAK). Vi nemner:

- Barnevern 5.069`. Det har vore kjent meirforbruk siste par år på ca. 2.500` (som vart budsjettjustert hjå oss for 2023). Budsjettavviket for 2022 vart endå høgare. Vi viser til årsrapport for interkommunale samarbeid frå vertskommunen Nord-Aurdal (vedlagt). Vertskommunen skriv bl.a. at budsjettavvik skuldast at reelle tiltak ikkje har vore budsjettert godt nok, bl.a. lønn og andre kostnader til forsterheim og kostbare tiltak i heimen. Meirforbruket for fellestenesta er grunngjeve i bl.a. stort omfang av innkjøp av konsulenttenester og løn for å ivareta ei forsvarleg drift av tenesta, samt at auke av husleiga (hjá NAK) ikkje var budsjettert. Vertskommunen er i dialog med deltakerkommunane og vurderer tenestenivå og ressursbruk framover.
- Legevakt 1.646`. Budsjettavviket skuldast utgifter for å sikre nødvendig bemanning og kompetanse for å drifte legevakta, både leger og sjukepleiarar. Det har vore krevjande å sikre nok legar inn i legevakt og turnus for sjukepleiarar har hatt mange hol og høgt sjukefråvær som har medført lønnskostnader ut over budsjett. Øystre Slidre kommune er blant dei kommunane som ikkje har stilt med tilstrekkeleg legekapasitet. Ei eige covid-avtale med legane har kosta 1,7 mill.kr meir enn budsjettert. Meirutgifter grunna covid skal ha vorte kompensert overfor den enkelte kommune.
- NAV Valdres viser mindreforbruk her med 2.003`. NAK har drifta NAV Valdres-tenesta om lag på budsjett. Dette på tross av at det var stor auke i personar som mottok økonomisk sosialhjelp ifølge statistikk frå NAK. Samla utbetaling for Øystre Slidre enda likevel godt under budsjettert beløp. Vi ser av Kostra at økonomisk sosialhjelp per mottakar har gått ned mykje frå året før, og ligg no godt under landssnittet.
- Det er meirforbruk på VLMS (177`), men mindreforbruk på Fact-team og kreftkoordinator.

Tildelings- og bustadkontoret har samla ei meirinntekt på 2.038`, som i hovudsak skuldast høgare inntekter:

- Husleige bustader (964`). Det heng i hovudsak saman med at kommunen har teke i bruk Moavegen 43 for busetjing av det større talet på flyktningar frå Ukraina i 2022. Kommunen har også ekstra utgifter, bl.a. til istandgjering/ drift av bygningsmasse og flyktningetenesta (under opplæring og kultur), og til høgare straumkostnadar mv., som ligg under tekniske tenester. Det har også vore høgt belegg i leilegheitene på helsetunet i heile 2022 som har gjeve inntekter utover budsjett.
- Eigenbetaling institusjon mv. (886`). Budsjettering av eigenbetaling for institusjonsopphald er krevjande, og inntektene vil variere frå år til år med bakgrunn i kven som til ein kvar tid er innvilga langtids plass.
- Resten av meirinntekta skuldast inntektsføring av øymerka prosjektilskot/bundne fond, som dekker utgifter til lønn som i hovudsak er budsjettert.

Felles helse og omsorg viser meirforbruk på 119`, som er meirutgifter grunna covid, som er kompensert under sentrale inntekter.

Helse og tilrettelagde tenester (meirforbruk på 1.589`)

Meirforbruket skuldast i hovudsak:

- Tilrettelagde tenester har meirforbruk på totalt 1.757`. Hovuddelen er på lønn, ca. 1.250`, grunna nye brukarbehov med behov for auka bemanning frå hausten 2022 og ein feil i budsjett for 2022.
- Legetenesta har meirforbruk på 832`. Dette skuldast dels ekstrautgifter grunna covid (297`), og ekstra flyktningar (43`), som kommunen har fått kompensert under sentrale inntekter. Dels anna lønn knytt til ferieavvikling, og meirforbruk forbruksmateriell.
- Det er mindreforbruk på helsestasjon og skulehelseteneste (362`) og psykisk helseteneste (353`), som i hovudsak skuldast at øymerka prosjektilskot/bundne fond har finansiert lønn som er budsjettert.
- Det har også vore meirutgifter til avgifter og lisensar, utstyr og serviceavtalar på tilrettelagde tenester. Mykje av dette går mot mindreforbruk under helse og tilrettelagde tenester felles (285`).

Førebygging og meistring (meirforbruk på 43`)

Tenesta har eit lite meirforbruk i 2022. Dette på tross av at det ligg meirutgifter grunna covid på ca. 1.027`, som kommunen har fått refundert under sentrale inntekter. Ser ein bort frå dette, viser tenesta eit mindreforbruk, på lønn i hovudsak som følgje av vakanse.





Institusjonstenester (meirforbruk på 335`)

Meirforbruket skuldast meirutgifter grunna covid på ca. 1.463` (lønn). Utgiftene har kommunen fått kompensert under sentrale inntekter.

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat	Oppnådd resultat 2022
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggerane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.	Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.	Har hatt fokus på opplæring på avvik. Vi har faste rutiner på å handtere og lukke dei. Aktuelle avvik oppe på temamøta for at organisasjonen skal lære av dei.			
	Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarande tenester.	Det legemeldte sjukefråværet er høgare enn landet 4. kvartal 2021 til 3. kvartal 2022 samla for helse og omsorg. Det ligg høgare innanfor tilrettelagte tenester og heimetenesta, men under landsgjennomsnittet for institusjon.			
	Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.	Det er totalt sett eit meirforbruk innanfor området på 4672'. Hovudsakeleg innanfor interkommunale tenester, legetenesta og tilrettelagte tenester.	Innanfor budsjett		
	Helse og omsorg: Alle barn i barnevernet som har tiltak skal ha tiltaksplan	Alle har hatt tiltaksplan i 2022.	Andel barn med tiltaksplan av barn med hjelpetiltak	100,0 %	✓
	Helse og omsorg: Minst 82% av dei tilsette skal i løpet av planperioden ha relevant fagutdanning	83% av dei tilsette har relevant fagutdanning.	Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent)	83,0 %	✓
	Helse og omsorg: Vi skal bidra til at innbyggjarar skal meistre eget liv.	Etablerte tiltak: kvardagsrehabiliteringsteam (arbeider no med gruppa 75-79), friskliv, førebyggjande heimebesøk, "Sterk og stødig" trening. Haldningsarbeid blant dei tilsette om å setje innbyggjaren i stand til å klare sjølv i staden for å gjere oppgåver for dei.	Satt i gang prosjekt med mål om å bevisstgjere organisasjonen om kva som fremjar eigen meistring 1=Ja 2=Nei	1,00	✓
			Tilbod om førebyggjande samtaler med	1,00	✓

Øystre Slidre kommune - Årsrapport 2022

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat	Oppnådd resultat 2022
			kvardagsrehabiliteringsteamet til alle som fyller 80 år 1=ja 2=nei		
Helse og omsorg: Vi skal ikkje ha fristbrot i barnevernet.	Fyrste halvår var det 35,3% fristbrot på alle undersøkelsessaker. Det andre halvåret var det omlag 7,14% fristbrot på undersøkelsessakene.	Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder		21,7 %	
Helse og omsorg: Vi skal legge til rette for at den einskilde skal kunne bu lengst mogeleg i eigen heim.	Vi ligg noko høgare på altan døgn. Brukergruppa er dårlegare enn tidlegare.	Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon		8,5 %	
		Tidsbegrenset opphold - gjennomsnittlig antall døgn per opphold (antall)		18.9	18,3 
Helse og omsorg: Vi skal sikre at alle under 30 år er i arbeid, utdanning eller aktivitet.					
Helse og omsorg: Vi skal ta imot alle utskrivingsklare pasientar innan fristen for fakturerbare liggedøgn.	Vi har take imot alle utskrivingsklare pasientar.	Antall liggedøgn utanfor fristen for fakturerbare liggedøgn		0,0	

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2021	Øystre Slidre 2022	Kostragruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak *)	494 773	392 135	311 338	305 791
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten *) **)	26 346	31 706	17 433	13 502
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten (B) *) **)	25 850	25 813	20 639	23 250
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto drifts (prosent)	41,3 %	40,4 %	38,4 %	34,6 %
Produktivitet				
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	15,8	12,2	14,2	14,7
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) *)	51 145	30 010	44 785	56 910
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B) *)	462 314	544 031	310 894	325 714
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass *)	1 383 701	1 389 861	1 410 319	1 516 472
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	4 701	5 323	4 719	4 752
Dekningsgrad				
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	2,9 %	4,0 %	3,0 %	2,4 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	6,5 %	5,1 %	4,1 %	3,9 %
Kvalitet				
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0 %	100,0 %	99,4 %	98,9 %
Gjennomsnittlig listelengde korrigert for kommunale timer	1 117,0	1 119,0	970,0	1 127,0
Kommunekasse				
Andel netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp (B) (Kommunekasse)	31,2 %	23,3 %	32,9 %	34,6 %
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger (B) (Kommunekasse) *) **)	3 070	3 329	2 841	2 849
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B) (Kommunekasse) *) **)	2 434	3 447	3 544	3 662
Netto driftsutgifter per innbygger (233) annet forebyggende helsearbeid (B) (Kommunekasse) *) **)	875	313	390	588
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) (Kommunekasse) *) **)	4 447	4 351	3 475	4 232

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov

Barnevern (under Prioritet og Dekningsgrad)

Utgiftene til barnevernstenesta har dei seinare år vore høge for kommunen. I 2022 ser vi ytterlegare auka utgift per innbygger (under Prioritet). Ny barnevernlov og oppvekstreformene har flytta mykje av ansvaret innan barnevernfeltet til kommunen, noko som gir auka utgifter på området.

Kommunen har i 2022 hatt ein nedgang i netto driftsutgifter pr barn med tiltak (under Prioritet), og barn med undersøkingar (under Dekningsgrad), men vi ligg framleis godt over samanliknbare kommunar og landet. Tal saker pr saksbehandlar (under Produktivitet) har i 2022 vorte redusert, slik at produktiviteten ligg under snittet i Kostra-gruppa og landet.

Tiltak på området har vore auka bruk av konsulentar og ekstern bistand for å sikre at medarbeidarane har kunna stått i jobb etter fleire år med stor arbeidsmengd og fleire avvik.

Frå årsmeldinga til for det interkommunale samarbeidet for barnevern (med Nord Aurdal som vertskommune) les vi bl.a. at Kommunebarometeret, Statsforvaltaren sine kommunebilder og tilsyn dei siste åra har vist at barnevernstenesta har fleire krevjande utfordringar. Det har vore auke i tal krevjande saker, og barnevernstenesta ikkje har nådd måla sine om ikkje å ha fristbrot eller lovbrøt. Situasjonen har vore teke på alvor, og kommunane har saman styrka tenesta med nye årsverk siste åra, arbeid med styringssystem og rutinar og utviklings- og endringsarbeid for å bruke ressursar og kompetanse best mogleg.

Pleie og omsorg - institusjon og heimetenester (under Prioritet og Produktivitet)

Kommunen har i 2022, som 2021, høge utgifter innan pleie og omsorg. Vi ser ein tendens til reduserte netto driftsutgifter innan området, men for dei fleste variablane ligg vi framleis over samanliknbare kommunar og landet. For heimebaserte tenester har driftsutgifter per mottakar auka og ligg langt over snittet. Vi viser til kostratala netto driftsutgifter per innbyggjar til pleie- og omsorgstenesta og netto driftsutgifter til omsorgstenester i prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter (under Prioritet), utgifter per beboerdøgn i institusjon, korrigererte brutto driftsutgifter pr. mottakar av heimetenester og korrigererte brutto driftsutgifter per plass i institusjon (under Produktivitet).

Årsaker til auka og høge driftskostnader på området kan vera ei blanding av:

- God kvalitet i tenesta.
- Delen bruker-retta årsverk innan omsorgstenesta med helsefagleg utdanning hadde også i 2022 ein positiv auke. Dette er positivt, men medfører høgare lønskostnader. Auka kompetanse vil vera avgjerande for at kommunen kan møte dei utfordringar som ligg framfor oss innan sektoren.
- 2022 som 2021 har vore prega av korona med høgt fråvær. Det har gjeve stort behov for vikarar i heile helse og omsorg. Vedteken korona-avtale for kompensasjon av meirarbeid knytt til pandemien har medført auka kostnader på området. Utgiftene er i stor grad kompensert i rammetilskot som er inntektsført på sentralt område.
- Det er oppretta fleire nye stillingar innan tilrettelagde tenester på grunnlag av auka brukarbehov.
- Det er og nytta kjøp av tenester frå bemanningsbyrå i enkelte månader i 2022 for å løyse utfordringar i forhold til vakante stillingar, ei løysing som er dyrare enn å lønne eigne tilsette. I tillegg er det eit stort omfang av bruk av overtid. Sommaren 2022 vedtok kommunen bonusavtale for å sikre drifta gjennom sommarferien.
- Drifts- og kapitalkostnader har auka mykje etter bygging av Helsetunet.
- Straumutgifter og enkelte driftsutgifter til gamle sjukeheimen også i 2022.
- Kommunen kjøpte plass med heilårsverknad for tenestemottakarar utanfor kommunen i deler av 2022.
- Avlasting i institusjon har auka og avlasting utanfor institusjon er tilsvarande redusert. Dette fører til ein auka kostnad for kommunen utan moglege inntekter, då avlasting er ein vederlagsfri teneste.
- Tal bruker-retta timer i psykisk helse kjem ikkje fram i kommunal rapportering, då det ikkje blir fatta vedtak eller registrert timeforbruk i fagsystemet. Dette medføra at kommunen har 4 årsverk som ikkje produserer "bruker-retta arbeid".
- Rapportar viste at talet på produserte tenestetimar innan heimetenesta og heimehjelp vart redusert frå 519 t/veka i 2020 til 456 t/veka i 2022. Dette utgjer totalt 676 færre produserte tenestetimar å fordele på talet årsverk.

Anna førebyggjande helsearbeid (under Kvalitet og Kommunekasse)

Gjennomsnittleg listelengde for legane (under Kvalitet) er stabilt høge.

Kommunen har auka utgifter i 2022 til diagnose, behandling og rehabilitering per innbyggjar, men gått litt ned når det gjeld kommunehelse per innbyggjar, men for både kostraindikatorane (under Kommunekasse) ligg vi over landsnittet og kostragruppa. Årsaker til høgt nivå kan vera auka andel fysioterapeutar i 2022 som medførte auka lønskostnader. Det ligg også noko korona-utgifter på området, men ekstraavgiftene er kompensert i rammetilskot mv.under sentralt område.

Kommunen har auka utgifter til forebygging, helsestasjons- og skulehelseteneste per innbyggjar, men ligg litt under landsnittet og kostragruppa. Helsestasjonen har i 2022 hatt 3 helsesjukepleiarar med heilårs verknad, der deler av lønsutgiftene på området er finansiert gjennom tilskot inntekstført på sentralt område. Andelen heimebesøk av jordmor innan 3 døgn er låg i 2022. Dette har skuld pandemien og vakanse ved interkommunal jordmorteneste. Helsestasjonen har fylgt opp nyfødte og helsekontroller i samsvar til plan.

Økonomisk sosialhjelp (under Produktivitet og Kommunekasse)

Økonomisk sosialhjelp har gått ned frå året før, og ligg no godt under kostragruppa og landsnittet. Det gjeld både utgifter per mottakar (under Produktivitet) og del utgifter til økonomisk sosialhjelp (under Kommunekasse).

Dette på tross av at fleire får sosialhjelp, auka frå 4.2 % til 6.4 % for aldersgruppe 20 - 66 i forhold til innbyggjartal, noko som no ligg godt over landsgjennomsnittet på 4.3 %.

- Ein ser ein særleg stor auke i sosialhjelpsmottakarar med introstønad, der Ukraina-krigen og ekstra mottak av flyktningar er ein hovudfaktor.
- Delen born i familiar som mottak sosialhjelp er svakt aukande, men aukar ikkje i like stor grad som gruppa 19 - 21. Gruppa er særleg utsett i forhold til ustabile bustadforhold og ekskludering frå fritidsaktivitetar mm., og bør ha eit særleg fokus framover.
- Faktorar som bidreg til auka stønadsbehov, er høg prisstigning i 2022 på lånerente, straum, drivstoff og mat og høgare husleigeprisar som følgje av auka behov /etterspørsel etter bustader. Fleire kjem over grensa for bustøtte og supplerande hjelp.
- Det har vore ein tydeleg auka mengde saksbehandling, som har medført behov for ekstra ressursar og bruk av overtid i NAV.

Nedgangen i utgifter samla sett skuldast at stønadstida er tydeleg redusert siste år og neste halvart sidan 2019. Dette tyder på at fokus på arbeidsretta tiltak og opplæringsarbeidet fungerer.

Tekniske tenester

Status økonomi

Beløp i 1000

Virksomhet	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2021	2022	2022		
400-Felles tekniske tenester	11	497	510	13	2,5 %
420-Teknisk drift	29 895	39 320	32 941	-6 379	-19,4 %
450-Næring plan og byggesak	10 847	9 997	11 564	1 567	13,5 %
Sum	40 754	49 815	45 014	-4 800	-10,7 %

Kommentar til status økonomi

Regnskapet for 2022 viser eit meirforbruk på 4.800` samla for tekniske tenester:

Teknisk drift (meirforbruk 6.379`)

Meirforbruk på:

- Straum kommunale bygg (ca. 4.965`), grunna ekstraordinær høge prisar på straum i 2022.
- Vedlikehald kommunale bygg generelt (ca. 1.308`). Hovudårsak er kraftig auke i materialprisar. 76` gjeld vedlikehaldet av flyktningebustader, som følgje av ekstra busetjing flyktningar, og der utgiftene er finansiert av høgare integreringstilskot.

Mindreforbruk på:

- Husleigeinntekter (625`), i hovudsak meir refusjon felleskostnader og betre utleige i Klima+-huset enn budsjettert. For refusjon felleskostnader (188` meir enn budsjett) har vi hatt tilsvarande auke på kostnadssida.

Næring, plan og byggesak (mindreforbruk 1.567`):

Mindreforbruk på:

- Mindre næringstiltak enn budsjettert i bruk av eigedomsskatt (1.428`). Sjå vedlegg over bruk av eigedomsskatteinntekter i vedlegg til årsrapport. Gjeld i hovudsak framtidig bruk av sjukeheimen (525`), nasjonalt senter for fjellandbruk, Løken (250`), beitebruksplan (82`), drift av torg (82`), disp.formannskapet (176`), aksjar Løken (300`).
- Mindre lønnskostnader på bl.a. felles næring plan og byggesak, plansaksbehandling, naturforvaltning og friluftsliv. Årsaka er mindre tilsette grunna vakansar på avdelinga dette året.

Meirforbruk på:

- Ekstraavgifter grunna covid (147`). Kommunen har fått refundert desse under sentrale inntekter.

Budsjettavvika over er for "generaløkonomien", utanom sjølvkostområda.




Sjølvkostområder

Tekniske tenester består av ein stor del sjølvkostområde, der kommunen har vedteke at tenestene skal vera fullfinansiert ved gebyr. Meir-/mindreforbruk det enkelte år blir saldert mot bundne fond, og viser ikkje på botnlinja i kommuneregnskapet.

Samla har det vore 7.150` i underskot på tenestene i 2022. Det er ca. 5.400` meir utgifter/ mindre inntekter enn budsjettert, og har medført meir bruk av bundne sjølvkostfond. Nedanfor følger oversikt over dei aktuelle sjølvkostområda:

Sjølvkostområder med fond	Vatn			Avløp			Bygge-/delesak, private planførsl.			Spreidd avløp			Oppmåling			Totalt sjølvkost m fond		
	Regnsk	Budsj	Bud-avvik	Regnsk	Budsj	Bud-avvik	Regnsk	Budsj	Bud-avvik	Regnsk	Budsj	Bud-avvik	Regnsk	Budsj	Bud-avvik	Regnsk	Budsj	Bud-avvik
Resultat 2022																		
Gebyrinntekter	9 609	10 418	-809	14 304	14 511	-207	2 842	3 806	-964	863	750	113	1 291	1 580	-289	28 909	31 065	-2 156
Lønn mv.	-3 284	-3 695	411	-4 670	-4 353	-317	-3 939	-2 653	-1 286	-344	-717	373	-975	-859	-116	-13 212	-12 277	-935
Varer og tenester	-2 463	-2 795	332	-7 571	-5 917	-1 654	-833	-1 126	293	-10	-9	-1	-276	-669	393	-11 153	-10 516	-637
Avskrivning og renter	-5 485	-4 732	-753	-6 191	-5 135	-1 056	0	0	0	0	0	0	-18	0	-18	-11 694	-9 867	-1 827
Sum kostnader mv.	-11 232	-11 222	-10	-18 433	-15 407	-3 026	-4 771	-3 779	-992	-354	-726	372	-1269	-1528	259	-36 059	-32 662	-3 397
Overskot/underskot-	-1 623	-804	-819	-4 129	-896	-3 233	-1 929	27	-1 956	509	24	485	22	52	-30	-7 150	-1 597	-5 553
Avsetjing (-) / bruk av fond	1 623	804	819	4 129	896	3 233	1 929	-28	1 957	-509	-24	-485	-22	-52	30	7 150	1 596	5 554
Avsetjing renter fond (-)	-88	-58	-30	-120	-109	-11	-50	0	-50	-27	0	-27	-37	0	-37	-322	-167	-155
Balansen																		
Fond 01.01.2022	3 289	3 289	0	5 466	5 466	0	2 366	2 366	-	518	518	-	1 054	1 054	-	12 693	12 693	0
Fond 31.12.2022	1 754	2 543	-789	1 457	4 679	-3 222	487	2 394	-1 907	1 054	542	512	1 113	1 106	7	5 865	11 264	-5 399

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbygarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.	Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.				
	Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av utføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråværet for kommunane for tilsvarande tenester.	Legemeldt sjukefråværet for kommunen sin "off.adm.", herunder kommunehuset Tingvang, ligg under landsnittet for kommunal sektor. Ser vi på fråværet for dei tekniske tenestene, manglar vi samanlikningstal. Snittet er 8,3 - 11,3 %, noko som framstår i høgste laget, og dette er eit område vi vil arbeide nærare med framover.			
	Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.	Det er stort negativt budsjettavvik på straumkostnader. Ser ein bort frå det, er tenestene samla sett godt innanfor budsjett. Auka straumkostnader har sin mot-post i auka kraftinntekter under kommunedirektøren.	Innanfor budsjett		110,0 %
Tekniske tenester: Alle bygg i kommunen skal vera lagd inn i matrikkel pr. 1.febr. kvart år.			Del av bygningar som er lagt inn i matrikkel før 1.februar	100	100 
Tekniske tenester: Vi skal gjennomføre minst 10 tilsyn med nye anlegg for spreidd avløp og minst 20 % av eldre anlegg skal få tilsyn kvart år.			Antal tilsyn spreidd avløp	10	0 
Tekniske tenester: Vi skal halde alle fristane i plan- og bygningslova for byggesaker.			Antall søknader med saksbehandlingstid over lovpålagt tid	0	
Tekniske tenester: Vi skal knytte abonnentar til kommunalt VA-leidning som ikkje er knytt til kommunalt anlegg.			Alle bustader og fritidsbustader som har ein kostnad for framføring og tilknytning på under kr	75	71 

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	
			300.000, skal knyttast til kommunalt VA-anlegg.			
	Tekniske tenester: Vi skal sikre at alle abonnentar knytt til kommunale vassforsyningsanlegg får vatn av tilfredsstillande kvalitet.		E.coli: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater	100,0 %	100,0 %	✓
			Farge: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater	100,0 %	100,0 %	✓
			Intestinale enterokokker: Andel innbyggere tilknyttet komm.vannverk med tilfredsstillende prøver	100,0 %	100,0 %	⊖
			PH: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater	100,0 %	100,0 %	✓
Øystre Slidre skal ha positiv folketalsutvikling, vere blant dei beste kommunane på næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting og, med Beitostølen som motor, vere det leiande heilårs reisemålet i landet.	Tekniske tenester: Det blir bygd to ny driftsbygningar i landbruket i året.		Tal på nye driftsbygningar med ferdigstest i året	2		
	Tekniske tenester: Kommunen skal vedta sti og løypeplan.		Kommunen har vedteke sti- og løypeplan - ja=1, nei=2		1	✓
	Tekniske tenester: Vi skal gjennomføre Klima+-prosjektet.		Klima+-prosjektet er gjennomført - ja=1, nei=2	1	1	✓
	Tekniske tenester: Vi skal i samarbeid med andre etablere eit nasjonalt senter for fjellandbruket på Løken gard.		Det er etablert nasjonalt ressurscenter for fjellandbruket på Løken gard - ja=1, nei=2		2	!
	Tekniske tenester: Vi skal revidere arealdelen av kommuneplanen.		Samfunnsdelen av kommunedelplanen er revidert - ja=1, nei = 2			
	Tekniske tenester: Vi skal til ei kvar tid ha kommunale næringsseigedomar og bustadtomter for sal.		Kommunen har kommunale næringsseigedomar og bustadtomter for sal - ja=1, nei=2	1	1	✓

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2021	Øystre Slidre 2022	Kostragruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	29,2	30,4	18,8	16,8
Kommunale boliger brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	1 690	2 615	1 761	1 866
Netto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate *)	138 161	139 000	109 211	182 178
Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb) (B) *)	9 037	8 581	1 959	1 113
Produktivitet				
Avløp - driftsutgifter per innbyggere tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb) (B) *)	5 233	7 134	2 484	1 226
Herav energikostnader for kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B) *)	210	293	185	189
Herav energikostnader til administrasjonslokaler per kvadratmeter, administrasjonslokaler, konsern *)	161	327	209	194
Herav energikostnader til institusjonslokaler per kvadratmeter, konsern *)	231	253	210	235
Herav energikostnader til skolelokaler per kvadratmeter, konsern *)	207	329	185	177
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr) *)	6 411	6 088	5 637	4 623
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (kr) *)	4 431	4 208	4 893	4 206
Dekningsgrad				
Avløp - Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal avløpstjeneste (B)	53,8 %	53,2 %	56,0 %	85,5 %
Vann - Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal vannforsyning (B)	21,3 %	21,0 %	57,2 %	82,5 %
Vann - Andel av befolkningen som er tilknyttet privat eller kommunalt vannverk	61,3 %	60,5 %		85,4 %
Vann - Andel av husholdningsabonentene som har installert vannmåler	95,0 %	95,0 %		43,1 %
Kvalitet				
Søknader i samsvar med plan Byggesøknader i alt Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)	26	37	20	23
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr) *)	583	580	673	556
Grunnlagsdata (Nivå 3)				
Byggesaksgebyr for oppføring av enebolig (kr) *)	20 428	16 400	13 934	16 612
Kommunekasse				
Netto driftsutgifter per innbygger (325) tilrettelegging og bistand for næringslivet (B) (Kommunekasse) *) **)	-327	1 073	740	271
Netto driftsutgifter per innbygger (329) landbruksforvaltning og landbruksbasert nær.utv. (B) (Kommunekasse) *) **)	142	123	115	122
Netto driftsutgifter per innbygger (360) naturforvaltning og friluftsliv (B) (Kommunekasse) *) **)	382	486	155	190
Netto utgift per kvm, administrasjonslokaler (Kommunekasse)	700	922	878	1 117
Netto utgift per kvm, institusjonslokaler (Kommunekasse)	1 357	1 269	1 012	1 275
Netto utgift per kvm, skolelokaler (Kommunekasse)	1 286	1 316	1 077	1 259

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov

Utrykningar til brannar og anna (under Prioritet)

Her ligg vi høgare enn kontragruppe 4 og landet utanom Oslo, og talet har også auka litt i 2022. Det er Valdres brann- og redningsteneste IKS som har ansvaret for denne tenesta på vegne av kommunen og fire andre Valdres-kommunar. Selskapet skriv i sin årsrapport for 2022 bl.a. at det var ein markant auke i

trafikkulykker med 54 utrykningar i 2022 (41 i 2021), ein svak nedgang i tal helseoppdrag, og tilnærma likt tal brannar. Det blir arbeida aktivt med objekteigarar for reduksjon av dei automatiske brannalarmane som er unødige. Tendensen er fortsatt at brann utfører arbeidsoppgåver som normalt høyrer til tenesteområda for helse og politi. Justis- og beredskapsdepartementet har beslutta ei heilheitleg gjennomgang av brann- og redningstenesta som skal munne ut i ei Stortingsmelding. Det er forventningar til avklaringar når det gjeld ansvarsforhold, oppgåve- og økonomifordeling mellom stat og kommune, og kva brann- og redningstenesta skal vera i framtida. Vi viser til årsmeldinga til selskapet under www.valdresbrannvesen.no.

Årsgebyr for feiing (under Kvalitet)

Årsgebyr for feiing ligg litt lågare enn kostragruppa, men litt høgare enn landet (utan Oslo).

Sakshandsamingstid (under Kvalitet)

På dette området ligg kommunen høgare enn snittet av andre kommunar. Tilfanget av saker har vore større dei siste åra i takt med gode konjunkturar for hytte- og fritidsmarknaden. Sakstilgangen er også sykklisk, då det er vesentleg fleire søknadar frå våren og ut over sommaren, enn frå hausten mot vinteren. Dette utfordrar oss på kapasitet. Vidare har avdelinga hatt redusert bemanning som følgje av vakansar mv., slik at den samla kapasiteten i periodar har vore redusert.

Byggesaksgebyr for oppføring av einebustad (under Grunnlagsdata)

Byggesaksgebyret for einebustadar er redusert i 2022, og ligg no litt lågare enn snittet for landet utanom Oslo.

Tilrettelegging og bistand for næringslivet (under Kommunekasse)

Kommunen nyttar ein betydeleg sum på støtte og bistand for næringslivet. Talet for 2022 ligg godt høgare enn snittet for landet og kostra-gruppa.

Fjorårstalet var veldig lågt (negativt), og hovudårsaken var at det var motteke tilskot frå staten for stønadsordningar knytt til koronaen, der ein del av midla ikkje var utbetalt på fjoråret, men avsett til fond. Bruk og avsetning mot bundne fond er ikkje med i nøkkeltalet. Inntekta var med, men ikkje avsetjing til fond. I 2022 var det motsett, ca. 2 mill. vart utbetalt og er med i kostra-talet, men ikkje tilhøyrande inntekt. Kostra-indikatoren for eit enkeltår kan såleis gje eit noko «feil» bilete. Kommunen sitt snitt for 2021 og 2022 er 373, som er lågare enn landet, men høgare enn landet utanom Oslo.

Vi viser til oversikt over næringsmessig bruk av eigedomsskatt i vedlegg, der det går fram at kommunen i 2022 har nytta 13.644` til ulike tiltak som skal hjelpe næringslivet. Tiltaka er ført på ulike funksjonar, i tråd med gjeldande kostra-regelverk, og 6.300` ført i investerings-rekneskapen, så ikkje alle tiltaka viser under kostra-funksjonen tilrettelegging og bistand for næringslivet. Vi viser til kostra-indikatorane for landbruk, og for naturforvaltning og friluftsliv, som også inneheld tilrettelegging og bistand for næringslivet. I tillegg kjem tiltaka som er finansiert av staten knytt til covid mv.

Netto driftsutgifter landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling (under Kommunekasse)

Sjølv om bruken er gått noko ned, ligg vi fortsatt over snittet i kostragruppe 04 og landet utanom Oslo. Det blir bl.a. nytta omlag ein million kroner på ei støtteordning som supplerer tilskot frå Innovasjon Norge i byggesaker for driftsbygg.

Netto driftsutgifter naturforvaltning og friluftsliv (under Kommunekasse)

Tabellen viser at kommunen på dette området nyttar meir i 2022 enn året før, og både åra meir enn snittet i kostragruppe 04 og landet utanom Oslo. Under denne funksjonen er det bl.a. ført tilskot til løyper og stiar, og ein del av Klima+-satsinga.

Vatn og avløp (under Prioritet, Produktivitet og Dekningsgrad)

Øystre Slidre kommune har høg aktivitet på investeringsprosjekt, store avstandar og fleire vassverk og reinseanlegg å drifte. Vi er ein kommune med få innbyggjarar og mange hytter. Det tek noko tid før alle knytter seg til nye anlegg. Dette er faktorar som bidreg til relativt høge driftsutgifter per innbyggjar og per tilknyta innbyggjar i forhold til kostragruppe 4 og landet (utan Oslo).

Gebyrnivået for avløp er høgare enn kostragruppe 4 og landet (utan Oslo), medan gebyrnivået for vatn er om lag på snittet.

Tal abonnentar knytt til kommunalt vatn og avløpsanlegg ligg godt under landet (utan Oslo), og ligg også under kostragruppa. Øystre Slidre kommune har vedteke planer om å auke delen knytt til kommunale anlegg. Frå 2020 til 2021 auka delen knytt til kommunalt avløpsanlegg med 10 %, medan delen knytt til kommunal vassforsyning ikkje auka.

Ein stor del (95%) av abonnentane i Øystre Slidre har installert vassmålar, dette bidreg til rettferdig fordeling av dei variable utgiftene.

Kommunale bustader (under Prioritet)

Brutto driftsutgifter for kommunale bustader per innbyggjar har auka frå 2020 til 2022. Kommunen sine kostnader per innbyggjar er høgare enn kostragruppe 4 i 2021 og 2022, og i 2022 også høgare enn landet (utan Oslo). Kommunen har stor del eldre, noko som bidreg til at kommunen har behov for og har fleire kommunale bustader. Kommunen har også teke imot ekstra mange flyktningar i 2022. Fleire nye omsorgsbustader på helsetunet frå 2021, og fleire nye flyktningebustader frå 2022 bidrag til høgare kostnad for kommunale bustader per innbyggjar. Vi har også sett vesentleg auke prisauke på straum, auka kommunale eigedomsavgifter pga. høgare prisar og auka areal, og auka reinhaldskostnad pga. auka areal.

Dei auka kostnadene knytt til flyktningebustader er kompensert frå staten ved auka integrerings-tilskot.

Kommunal veg (under Prioritet)

Driftsutgiftene til kommunale vegar ligg godt over kostragruppe 4, men godt under landet (utan Oslo). Frå 2018 har driftsutgiftene til veg gått frå 162 560 til eit nivå på rundt 139.000 kr pr kilometer veg i 2021-2022. Kommunen har få km med kommunal veg. Kommunen har mykje vedlikehald på vegane både sommar og vinter. Vi har truleg betre vedlikehald enn mange kommunar i kostragruppe 4.

Kommunale bygg (under Kommunekasse), m.a. energikostnader (under Produktivitet)

Administrasjonslokaler: Netto utgifter til drift av administrasjonslokale har auka og ligg no over kostragruppe 4, men fortsatt lågare enn landet (utan Oslo). Hovedårsak ligg i energikostnader, dei har dobla seg frå 2021, auka meir enn hjå dei gruppene vi samanliknar oss med, og ligg langt over snittet i kostragruppa og landet. Straumprisane auka ekstraordinært mykje frå seinhausten 2021 og framover. Gjennomsnittleg spotpris i 2021 vart 75 øre, medan den i 2022 var 1,9 kr.

